



ÅRSRAPPORT 2015



MØRE BISKOP
MØRE BISPEDØMERÅD

Bildet på framsida: Raud stola bispekåpe. Foto: Sjur Fedje

INNHALD

<u>Årsrapport del 1</u>	
LEIARVURDERING	4
1.1 Overordna vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk	4
1.2 Overordna framstilling av dei viktigaste prioriteringane	6
1.3 Kort omtale av sentrale tilhøve som har innverka på resultatet	7
1.4 Signatur	8
<u>Årsrapport del 2</u>	
INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL	10
2.1 Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget	10
2.2 Omtale av organisasjonen	11
2.3 Presentasjon av utvalde hovudtal	13
<u>Årsrapport del 3</u>	
ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT	15
3.1 Gudstenesteliv	16
3.2 Dåp og trusopplæring	26
3.3 Kyrkje og samfunn	33
3.4 Rekruttering og frivillighet	40
3.5 Presteteneste og personalforvaltning	47
3.6 Kyrkjedemokrati	57
<u>Årsrapport del 4</u>	
STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA	60
4.1 Styring og kontroll	60
4.2 Fellesføringar i Staten	66
4.3 Oppfølging av evt. revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen	66
4.4 Evt. endringar i opplegg for styring og kontroll	66
<u>Årsrapport del 5</u>	
VURDERING AV FRAMTIDSUSIKTER	67
<u>Årsrapport del 6</u>	
ÅRSREKNESKAPEN	69
6.1 Leiarkommentar	69
6.2 Prinsippnote	71
6.3 Bevilgningsrapportering	72
6.4 Note A og B	73
6.5 Artskontorapportering	74
6.6 Note 1 – 7	75
6.7 Vedlegg: – Kyrkjestatistikk for Møre bispedøme	79

DEL 1 LEIARVURDERING

1.1 Overordna vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk


Møre biskop og Møre bispedømmeråd er samla sett nøgd med resultat og måloppnåing for 2015 og det er levert gode bidrag til å oppfylle dei fastsette hovudmåla og visjonen for bispedømmet og for heile Den norske kyrkja.

Møre bispedømme har, saman med Den norske kyrkja, hatt ein visjon om «Meir himmel på jorda». Det tyder at vi som kyrkje og som einskildmenneske skal erfare at himmelen kjem til jorda gjennom Kristus – samstundes som vi som kyrkje skal vere til stades og relevante i alle faser av livet, frå fødsel til død, i sorg og glede. Undersøkingar gjort av stiftelsen Kirkeforskning (KIFO) viser at folk har høg tillit til Den norske kyrkja.

Statistikk viser at det i Møre bispedømme er mange som kjenner seg heime i kyrkja. 81,5% av alle innbyggjarane i Møre og Romsdal er medlemmer. Livsritene vert markerte gjennom dåp, konfirmasjon, vigsel og gravferd. I 2015 vart det gjennomført 2175 dåp, 2735 konfirmasjonar, 475 vigsler og 2204 gravferder i Møre bispedømme.

78 % av alle fødte blir døypte. 82 % av alle 15-åringar og 92 % av alle døypte 15-åringar vel konfirmasjon. 98,7% av dei som døyr får kyrkjeleg gravferd.

Gudstenesta er kyrkjelyden si viktigaste samling, der ein møter Gud og kvarandre til fellesskap, lovsong og tilbeding. I Møre bispedømme blir det halde om lag 3700 gudstenester kvart år. 390.000 menneske deltok i gudsteneste i 2015. I snitt er 106 til stades ved kvar gudsteneste. I snitt går kvart kyrkjemedlem i Møre bispedømme til gudsteneste 1,8 gonger i løpet av eitt år. Gudstenestetallet på søn- og helgedager har hatt nedgang over fleire år, grunna færre presteressursar, slik diagrammet under viser. Sjå nærare omtale av utviklinga i del 3.2.1.



Kjelde: SSB Utvikling av gudstenestetallet i Møre bispedømme

Møre bispedømme er for 2015 tildelt kr 73,7 mill. Midlane er nytta til 86,5 årsverk, der presteteneste utgjør 74 årsverk. I tillegg forvaltar Møre bispedømme kr 28,2 mill som går som tilskot til trusopplæring og stillingar innan diakoni/undervisning i kyrkjelydane.

Medlemstal og kyrkjelege handlingar

Tabell 1.1.1 Utvikling av medlemstal i Den norske kyrkja i Møre bispedøme

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Medlemer	224142	221689	221186	220539	219011	218562	217751	218004	216488	216003
Folketal	245385	246772	248727	251262	253904	256628	259404	261530	263719	265188
Medlems-prosent	91,3	89,8	88,9	87,8	86,3	85,2	83,9	83,4	82,1	81,5

Kjelde: SSB og Kyrkjerådet *Tabellen viser folketal og medlemstal i perioden 2006–2015.*

Tabell 1.1.2: Utvikling av kyrkjelege handlingar i Møre bispedøme, faktiske tal

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Dåp	2 688	2 845	2 829	2 751	2 621	2 585	2 566	2338	2203	2175
Konfirmantar	2 970	2 861	2 901	2 811	2 848	3 006	2 822	2723	2872	2738
Vigsel	587	666	661	648	605	502	528	477	460	479
Gravferd	2 207	2 370	2 349	2 301	2 248	2 202	2 185	2229	2208	2201

Kjelde: SSB

Ser vi på utviklinga i dei relative tala ved nokre av dei sentrale faktorane, ser vi slik utvikling:

Tabell 1.1.3 Utvikling medlemstal og kyrkjelege handlingar, relative tal

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Dåp i prosent av tal fødde	102,0	101,2	100,3	91,9	93,1	89,7	89,7	84,6	79,9	78
Medlemmar i prosent av innbyggjartal	91,3	89,8	88,9	87,8	86,3	85,2	83,9	83,4	81,9	81,5
Konfirmasjon i prosent av tal 15-åringar	83,7	84,0	83,9	82,6	83,4	83,8	81,8	81,5	81,9	82
Kyrkjeleg gravferd i prosent av tal døde	97,7	99,9	99,8	99,1	99,7	98,7	96,0	98,1	97,8	98,7
Kyrkjeleg vigsel i prosent av inngåtte ekteskap	62,4	62,4	58,2	57,4	56,2	48,0	47,8	47,3		

Dei relative tala over tid viser at konfirmasjon og gravferd har høge, stabile tal. Medlemstalet går jamt, men sakte nedover. Dåpstal og vigsel har sterk nedgang. Sjølv om tala for Møre framleis er høge samanlikna med landet elles, er det grunn til å vere merksam på fleire av desse faktorane, særskilt dåp.

Totalt sett viser tala at folk i Møre framleis har eit sterk og tradisjonsbasert tilhøve til kyrkja.

I Møre bispedøme er det 97 sokn og variasjonane mellom sokna store. I fordeling av ressursar er det ein føresetnad at like tilhøve blir vurderte likt. Med dei store variasjonane i bispedømet, er det ei utfordring å vurdere faktorar for ressurstildeling objektivt og rett. Avgjerd om fordeling av ressursar i bispedømet blir gjort av bispedømerådet.

Vi har grunn til å glede oss over trusopplæringsreforma og gudstenestereforma. Over tid ser vi auke i nattverddeltaking. Vi ser og auka grad av involvering frå og av frivillige medarbeidarar. Kyrkja som kulturarena er styrka. Folk er sterkt knytte til si lokale kyrkje.

I kjølvatnet av den nye salmeboka og "Salmeboka minutt for minutt" erfarar vi større merksemd og ønske om å ta vare på salmeskatten. Salmane og kyrkjemusikk vil vere hovudfokus for gjennomføringa av reformasjonsmarkeringa - Lutherjubileet i Møre i 2017.

Folk er knytte til sin lokale prest og vil gjerne ha han/ho i nærleiken av der dei sjølv bur. Bispedømerådet har over tid, og av økonomiske omsyn, vore tvinga til å redusere talet på prestestillingar. Det er ei utfordring å møte ulike geografiske tilhøve og stor variasjon i kyrkjelydane, slik tabellen over viser.

1.2 Overordna framstilling av dei viktigaste prioriteringane

Dei fire resultatmåla som går fram av departementet sitt tildelingsbrev og vedtak i Kyrkjemøtet/Kyrkjerådet er desse:

- Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, lokalt foranka kyrkje
- Den norske kyrkja skal ha ei oppslutning som stadester karakteren som folkekyrkje
- Den norske kyrkje skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon, og tilby trusopplæring til alle døypte barn.
- Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

Sjå nærare omtale i kapittel 3.

Auka satsing innan trusopplæring gjer at frå 2015 er alle sokna i dei sju prostia med i trusopplæringsreforma. Trusopplæringsreforma er ei viktig plattform for å føre vidare kristen tru og tradisjon til den nye generasjonen.

60 % av ressursane som bispedømerådet forvaltar er driftsmidlar. 87 % av driftsmidlane går til løn til 81 fast tilsette – prestar og tilsette ved bispedømekontoret. 85 % av driftsmidlane går til verksemdsområdet presteteneste, 15 % av driftsmidlane går til administrasjon/ bispedømekontoret.

Om lag 40 % av ressursane som bispedømerådet forvaltar er tilskotsmidlar. Tilskotsordningane er viktige verkemiddel for å sikre diakonal teneste og kyrkjeleg undervisning. Tilskota går i all hovudsak til diakon- og kateketstellingar og som tilskott til trusopplæring i kyrkjelydane.

Den samla ressursbruken vart halden innanfor tildelt løyving. Reknskapen viste i 2015 eit akkumulert mindreforbruk på kroner 4,2 mill. Mindreforbruket er søkt departementet om overføring til 2016. Det gir handlingsrom i møte med fleire usikre faktorar. Bispedømerådet har arbeidd for å få kontroll med lønsutgiftene, og har no eit årsverktal tilpassa tildelinga. Det har vore eit mål å få handlingsrom for å ha verkemiddel i personalpolitikken. For nærare detaljar viser vi til Del 6 Årsrekneskap.

Biskopen har gjennomført 7 visitasar. Visitasar er ein viktig møteplass i møte med den lokale kyrkjelyden og lokalsamfunna i Møre bispedøme. Å oppmuntre og rettleie er viktige element i visitasane.

Delen kvinner i presteneste er aukande. Delen prestar under 40 år er blant dei høgste i landet. Det utfordrar til god introduksjon og tilrettelegging. Det er god aldersfordeling i presteskapet. Det er utfordrande å rekruttere til presteneste. Vi har ein aktiv rekrutteringspolitikk samtundes som vi gjennom livsfasepolitikken vil legge til rette for å halde på eldre arbeidstakarar med høg kompetanse.

Det er også viktig å bidra slik at dei kyrkjelege felleråda kan rekruttere til andre kyrkjelege stillingar, som kateketar, diakonar, kyrkjemusikarar, undervisningsmedarbeidarar etc. Det er også viktig å ta vare på og utvikle frivillige/ulønna medarbeidarar.

Møre bispedøme har ei rekke kontaktpunkt og samhandlar med mange verksemder og organisasjonar regionalt, nasjonalt og internasjonalt. Vår venskapsbispedømer i Newcastle i England og Nordre bispedøme i Ungarn er til gjensidig inspirasjon, utveking og læring.

Forslag til lovvedtak om å omdanne Den norske kyrkja til eige rettssubjekt er nyleg lagt fram til handsaming i Stortinget (Prop. 55L). Om forslaga blir vedtatt, vil endringane tre i kraft frå 1. januar 2017. Dette er viktige endringar, som gir ei rekke administrative og økonomiske konsekvensar.

Grunnlova sine paragrafar om statskyrkjeordninga vart endra 21. mai 2012 og gjorde kyrkja meir sjølvstendig, - men ho skal like fullt vere folkekyrkje og bli understøtte av staten. I det vidare må vi leite etter kva dét betyr for oss som nasjon, når Grunnlova § 2, om statsform, no lyder: «Verdigrunnlaget forblir vår kristne og humanistiske arv.» Kyrkja var arena for dei første demokratiske stega i det norske samfunnet. Dette er del av den arven kyrkja er berar av. I det vidare må kyrkja vere med å sette dagsorden for kva verdiar som skal prege samfunnet vårt. Kva vil vi hegne om og kva er umisteleg?

Kyrkjevalet i 2015 viser høg engasjement og tilhørsle til den lokale kyrkja i Møre. Høg valdeltaking, den nest høgste av bispedøma i landet, viser dette.

1.3 Kort omtale av sentrale tilhøve som har verka inn på oppnådd resultat

Det er innført rutinar for økonomi- og ressursforvaltning for å kome behovet for god økonomistyring i møte. Alle prostar har fått informasjon om rutinar for økonomi- og personalforvaltninga i prostia. Det er innført ny standard kontoplan, med verknad frå 1.1.2014. Periodisert rekneskap etter Statens rekneskapsstandardar vert innført frå 1.1.2015. Vi har von om at desse endringane også gir høve til betre å samanlikne med andre bispedøme.

Styring og kontroll viser etter Møre bispedømeråd si vurdering at system, rutinar og prosessar gjennomgåande fungerer godt i høve til økonomiregelverket. I samråd med departement og andre bispedømeråd blir det arbeida med utvikling dokumentasjon av rutinane.

Det er gode samarbeidstilhøve med tillitsvalde. Ein viktig føresetnad for å nå måla og oppnå resultat, er godt fungerande ordningar for medråderett i alle ledd av verksemda.

Det har vore vesentlege endringar i staben ved bispedømekontoret. Sjukdom har også vore utfordrande å handtere.

Det har også vore endringar og sjukemeldingar blant prostane, noko som har gjort det nødvendig å sette inn fungerande prost.

I presteskapet har det vore 14 tilsettingssaker i 2015, mot 6 i 2014. Det er framleis ledige stillingar, men vi ventar færre tilsettingssaker i 2016.


Ny bustadordning for prestar er blitt implementert. Dette har vore ein krevjande og usikker prosess for fleire medarbeidarar. Nye arbeidstidsavtalar for prestane er bestemt innført, og vil ha verknad for den enkelte medarbeidar og kyrkjelyd. Rekkevidda av dette ser vi ikkje enno.

Vedtak om ressursfordeling er gjort for alle prosti.


1.4 Signatur

For biskop og bispedømerådsleiar er det ei glede å kunne konstatere at leiarar og medarbeidarar i Møre bispedøme på ein god måte har bidratt til dei gode resultatane for verksemda i 2015.

Molde, 29. februar 2016



Ingeborg Midttømme
biskop



Ann-Kristin Sørvik
leiar

ATOPKALD...
MARE...
MARE...



*Ein keltisk kross laga etter modell av krossen på den over 1000 år gamle Kulisteinen på Smøla.
Med runeskrift står det på steinen: «Tolv vintrar hadde kristendomen vore i Noreg».
Kulisteinen blir omtala som Noregs dåpsattest. Møre bispedøme er yngst av bispedøma i kyrkja vår, men grunnlaget og åndsarven i dette bispedømet høyrer til dei eldste og viktigaste røtene for kristen tru i Noreg.*

DEL 2 INTRODUKSJON TIL VERKSEMDA OG HOVUDTAL

2.1. Omtale av verksemda og samfunnsoppdraget

2.1.1 Namn og departement

Møre biskop og Møre bispedømeråd høyrer inn under Kulturdepartementet og er i definerte saker underlagt Kyrkjemøtet.

2.1.2 Tilknytningsform

Møre bispedøme er eitt av Den norske kyrkja sine 11 bispedøme. ispedømet vart oppretta i 1983, og er det yngste bispedømet i Noreg. et vart til ved ei deling av bispedøma Nidaros og Bjørgvin. Bispedømerådet i Møre har 10 medlemmer, som saman med dei andre bispedømeråda utgjer Kyrkjemøtet. Biskopane utgjer til saman Bispemøtet.

2.1.3 Mynde og ansvarsområde

Mynde og ansvarsområde for biskop og bispedømeråd følgjer mellom anna av Kyrkjelova, Gravferdslova, Tenesteordning for biskop, Reglement for økonomistyring i staten, Verksemds- og økonomiinstruks for bispedømeråda og tildelingsbrevet frå departementet.

Bispedømet blir leia av to organ; biskopen og bispedømerådet, med felles administrasjon i Molde.

Bispedømerådet skal ha si merksemd på alt som kan bli gjort for å vekke og nære det kristelege livet i kyrkjelydane. Rådet skal og fremme samarbeid mellom dei enkelte sokneråda og andre lokale arbeidsgrupper innan bispedømet. Bispedømerådet fordeler statlege tilskot til trusopplæring og særskilte stillingar innan kyrkjeleg undervisning og diakoni. Bispedømerådet kan opprette og legge ned stillingar innanfor tildelt ressursramme. Bispedømerådet tilset prostar, kyrkjelydsprestar og fengselsprestar. I tillegg er bispedømerådet arbeidsgjevar for dei tilsette på bispedømekontoret. Biskopen leiar prestenesta og har tilsynsansvar med kyrkjelydane og tilsette.

2.1.4 Overordna mål

Bispedømerådet og biskopen har lagt til grunn dei måla og føringane som er gjevne av departementet, Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Visjonsdokumentet, strategiplan 2015 - 2018 og årsplanen for Møre bispedøme ligg også til grunn for verksemd og tiltak.

Visjonen for Møre bispedøme vart i 2014 endra til «Meir himmel på jorda», i tråd med den overordna formuleringa som Kyrkjemøtet 2014 vedtok. Kyrkja er ein møteplass og ein stad for engasjement. Dei områda som har systematisk merksemd er:

- Gudstenester og kyrkjelege handlingar
- Dåp, trusopplæring og undervisning
- Kyrkjemusikk og kultur
- Misjon
- Diakoni

Under alt dette ligg personalansvaret for dei som bispedømerådet er arbeidsgjevar for – prestar og tilsette ved bispedømekontoret. Møre bispedøme har som mål å ha medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap. Gjennom dette ønskjer Møre bispedøme å vere ei tydeleg folkekyrkje.

2.1.5 Samarbeid med andre kyrkjelege og frivillige organ

I Møre bispedømme er det 97 sokn med tilhøyrande sokneråd. Det er 36 kommunar, med tilhøyrande kyrkjelege fellesråd. (Fem kommunar har som eit prøveprosjekt eitt fellesråd for heile sitt område.) Bispedømmet har nært samarbeid med frivillige, kristelege organisasjonar og har eit formelt samarbeid med misjonsorganisasjonane gjennom Samarbeidsråd for menighet og misjon (SMM). I tillegg har bispedømmet samvirke og samarbeid med ei rekke verksemdar på regionalt, nasjonalt og internasjonalt nivå. Det er mellom anna eit formelt samarbeidsavtale mellom Newcastle bispedømme i England og Nordre bispedømme i Ungarn.

2.2 Omtale av organisasjonen

2.2.1 Leiingsstruktur

Møre biskop og Møre bispedømmeråd er kvar for seg formelle kyrkjelege organ med felles administrasjon lokalisert i Molde med stiftsdirektøren som dagleg leiar. Bispedømmerådet er tilsettingsorgan, biskopen leier prestenesta. I Møre bispedømme er det sju prosti som kvar for seg er tenesteområde for prestane, leia av ein prost. Dei andre kyrkjeleg tilsette som arbeidar i dei enkelte sokna, har i hovudsak fellesrådet som arbeidsgjevar med kyrkjeverja som dagleg leiar.

2.2.2 Tal tilsette og årsverk fordelt på prestenesta og annan verksemd

I Møre bispedømme er det ved årsskiftet -15/-16 tilsett 72 prestar i 69 årsverk. Ved bispedømmekontoret er det tilsett 14 personar i 12 årsverk. Desse har bispedømmerådet som arbeidsgjevar. I Møre bispedømme er det tilsett om lag 350 medarbeidarar i ulike stillingar i dei lokale kyrkjelydane, med dei 32 fellesråda som arbeidsgjevarar.


2.2.3 Lokalisering

Møre bispedømme er geografisk samanfallande med Møre og Romsdal fylke og har 36 kommunar med tilsaman 265 000 innbyggjarar. Ålesund, Molde og Kristiansund er dei største byane, med til saman om lag 98 000 innbyggjarar. Møre er mellom dei bispedømme der delen innbyggjarar som er medlemmer av Den norske kyrkja er høgast. 81,5% av innbyggjarane er kyrkjemedlemmer i Møre, mot 75,7 % i snitt for heile landet.

2.2.4 Organisasjonstruktur

Møre bispedømme er delt inn i 7 prosti, 32 fellesråd og 97 sokn.

- Ytre Nordmøre prosti
- Indre Nordmøre prosti
- Indre Romsdal prosti
- Molde domprosti
- Nordre Sunnmøre prosti
- Austre Sunnmøre prosti
- Søre Sunnmøre prosti



Folketalet i Møre og Romsdal har auka med om lag 20.000 dei siste 9 åra. Samstundes er det ein reduksjon i medlemstalet i Den norske kyrkja på om lag 5.700. Dette gir ein prosentvis reduksjon i medlemstal i høve til folketal på 8,5 prosentpoeng dei siste 9 år. Frå 2014 til 2015 er det ei prosentvis reduksjon i medlemsprosent på 0,6 prosentpoeng.

Tabell 2.2.4.1: Kyrkjemedlemer og innbyggjarar fordelt på prostia

Prosti	Tal sokn	Medlemer i Den norske kyrkja 2014	Medlemer i Den norske kyrkja 2015	Tal innbyggjarar 2014	Tal innbyggjarar 2015	Prosent medlem 2014	Prosent medlem 2015
Molde domprosti	12	34984	34846	42975	43298	81,4	80,5
Søre Sunnmøre	19	39340	39202	47750	48114	82,4	81,5
Austre Sunnmøre	10	18009	17897	21790	21836	82,6	82,0
Nordre Sunnmøre	14	57641	57536	72215	72967	79,8	78,9
Indre Romsdal	15	14468	14598	17128	17084	84,5	85,4
Ytre Nordmøre	13	32487	32387	39459	39454	82,3	82,1
Indre Nordmøre	15	19559	19537	22402	22435	87,3	87,1
Sum alle prosti	97	216488	216003	263719	265188	82,1	81,5

Tabell 2.2.4.2 Fordeling av medlemmar mellom prosti og medlemstal i prostia, utvikling i tal

År	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Molde Domprosti	35518	35376	35318	35139	35116	35184	35120	34984	34846
Søre Sunnmøre	40160	40132	39985	39745	39699	39616	39441	39340	39202
Austre Sunnmøre	18630	18611	18500	18326	18351	18223	18147	18009	17897
Nordre Sunnmøre	56954	57065	57180	57324	57404	57177	57723	57641	57536
Indre Romsdal	15731	15625	15478	15074	15069	14986	14968	14468	14598
Ytre Nordmøre	33503	33371	33249	34590	33026	32996	32844	32487	32387
Indre Nordmøre	21193	21006	20829	18813	19897	19569	19761	19559	19537
Sum	221689	221186	220539	219011	218562	217751	218004	216488	216003

Kjelde: SSB og medlemsregisteret i Dnk. Tabellen viser folketal pr. prosti i perioden 2007 – 2015.

Sprangvise endringar på Ytre Nordmøre og i Indre Nordmøre har si årsak i prostiregulering i 2010.

Prostiet med høgast medlemstal er Nordre Sunnmøre, med i underkant av 58.000 medlemmar. Søre Sunnmøre, Ytre Nordmøre og Molde domprosti har kvar 32.000 – 39.000 medlemmar. Prostia med færrest medlemmar er Indre Romsdal, Indre Nordmøre og Austre Sunnmøre, med mellom 14.000 – 20.000 medlemmar kvar.

Vi ser endringane i prostia over dei siste 9 åra. Alle prosti har over tid ein nedgang, med unntak av Nordre Sunnmøre, som er stabilt. Nordre Sunnmøre er prostiet med størst befolkningsauke og flest innbyggjarar, men har lågast medlemsprosent, med 78,9. Indre Nordmøre er prostiet med høgast medlemsprosent, med 87,1.

2.3. Presentasjon av utvalde hovudtal

2.3.1 Volumtal

Møre bispedømme har desse hovudtala knytte til gudstenester og kyrkjelege handlingar:

Tabell 2.3.1.1: Volumtal for gudstenester og kyrkjelege handlingar

Volumtal for bispedømmet	2012	2013	2014	2015
Tal døypte	2540	2339	2203	2175
Tal konfirmerte	2827	2723	2882	2738
Tal kyrkjelege vigsler	528	477	459	479
Tal kyrkjelege gravferder	2181	2229	2208	2201
Tal gudstenester totalt	3919	3867	3811	3666
Samla tal gudstenedeltakarar	419003	409867	404577	388599

Kjelde: SSB-tal

2.3.2 Nøkkeltall frå rekneskapen

Her viser vi nokre nøkkeltal frå årsrekneskapen. For fleire detaljar, sjå del 6.

Tabell 2.3.2: Nøkkeltal frå årsrekneskapen

Nøkkeltal for årsrekneskapen	2012	2013	2014	2015
Tal årsverk		87	86,5	81,1
- av desse i presteneste	73	75	72	69,1
Samla tildeling post 01	64 171 000	66 159 000	67 837 000	73 736 000
Utnyttingsgrad post 01	101 %	100,3 %	97,9 %	94,4%
Driftsutgifter	64 865 000	66 382 000	66 428 000	69 597 000
Lønsdel av driftsutgifter	87,3 %	86,7 %	88,6 %	87,5 %
Del løn brukt i prestenesta	75,4 %	74,3 %	74,8 %	77,8 %
Lønsutgifter pr. årsverk		661 531	680 486	750 551

Kjelde: SAP



*Edøy gamle kyrkje er ei steinkyrkje med langplan frå ca. 1190.
Kyrkja ligg på Edøya i Smøla, Ytre Nordmøre prosti.*

DEL 3 ÅRETS AKTIVITETAR OG RESULTAT

Overordna vurdering av resultat, måloppnåing og ressursbruk

Dei fire hovudmåla som Møre bispedøme har arbeidd etter går fram av departementet sitt tildelingsbrev:

- Den norske kyrkja skal vere ei landsdekkande, lokalt foranka kyrkje.
- Den norske kyrkja skal ha oppslutning som stadester karakteren som folkekyrkje.
- Den norske kyrkje skal formidle evangelisk-luthersk tru og tradisjon og tilby trusopplæring til alle døypte barn.
- Den norske kyrkja skal vere organisert i samsvar med demokratiske prinsipp og verdier

Som grunnlag for vurdering av måloppnåing har Kyrkjerådet nærare definert resultatmål med tilhøyrande indikatorar slik:

1. Gudstenestelivet blomstrar
2. Fleire søker dåp og trusopplæring
3. Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet
4. Fleire får lyst til å arbeide i kyrkja

Møre bispedømeråd og Møre biskop har gjort desse måla til sine i eige strategidokument for 2015 – 2018.

Vi vurderer at Møre bispedøme har høg grad av måloppnåing, trass i at some indikatorar viser nedadgåande trend. Vi ser nærare på dei under punkta nedanfor.

Møre bispedøme er tildelt 67,8 millionar til drift. Dei tilsette, men også frivillige medarbeidarar er kyrkja sin viktigaste ressurs. 87,5% av driftstildelinga går til løn til 86,5 årsverk. Av desse er 81 faste.

Tala som blir nytta er dels henta frå etatstatistikken basert på tal samanstilte frå SSB – første uttrekk og dels basert på tal frå SSB – andre uttrekk.



Frå Rindal kyrkje, visitas hausten 2015.

Resultat og måloppnåing 2015

3.1 Gudstenesteliv

Strategisk mål: Gudstenestelivet blomstrar

- Indikator:
- Gudstenestedeltaking
 - Gudstenestefrekvens
 - Tal vigslar
 - Tal kyrkjelege gravferder
 - Tal kyrkjelydar med samisk språk i gudstenesteordninga

Måloppnåing: **Målet er berre delvis oppnådd.**

Gudstenestetalet på søn- og helgedager har hatt ein nedgang over fleire år og er i 2015 på 3000 gudstenester. Deltakinga pr. gudsteneste er i snitt om lag den same, men totalt besøkstal har gått ned. I Møre bispedøme er det gjennomsnittleg gudstenestefrekvens på 49,2%. Det vil seie at det i kvart sokn i snitt er gudsteneste annankvar søn- og helgedag. Gudstenestefrekvensen varierer mellom prostia frå 27% til 66%. Tal vigslar har gått noko opp, tal kyrkjelege gravferder er stabilt.

MÅLOPPNÅING VIST VED INDIKATORAR:

3.1.1 Gudstenestedeltaking

Tabell 3.2.1.1.1 Gudstenestedeltaking, søn- og heilagdag

	Gudstjenester på søndag og heilagdag	Prosent endring frå 2014	Deltakarar	Prosent endring frå 2014	Gjennomsnittlig deltaking	Endring 2014-2015
Møre	3006	-2,9 %	310576	-5,1 %	103	-2
Totalsum	46484	-2,3 %	4547474	-2,6 %	98	0

Kjelde: SSB. Tabellen nemner tal på gudstenester som har vore haldne på søn- og heilagdag i 2015, og deltakarar ved desse gudstenestene. For sokn som ikke har rapportert i 2015, er 2014-tal lagt til grunn. Det er nemnt kor stor prosentvis endring det har vore frå 2014 i tal på gudstenester og i tal på deltakarar. Kolonnen til høgre viser endring i gjennomsnittleg tal gudstenestedeltakarar frå 2014 til 2015.

Tabell 3.1.1.2. Gudstenestedeltaking, alle gudstenester

	Gudstenester totalt	Prosent endring frå 2014	Deltakarar totalt	Prosent endring frå 2014	Gjennomsnittleg deltaking	Endring 2014- 2015
Møre	3668	-4 %	387923	-4 %	106	0
Totalt	61913	-2 %	5761201	-2 %	93	0

Kjelde: SSB. Tabellen oppgir totalt tal gudstenester som har vore haldne totalt i 2015, og deltakarar på desse gudstenestene. For sokn som ikkje har rapportert i 2015 er 2014-tal lagt til grunn. Det er oppgitt kor stor prosentvis endring det har vore frå 2014 i talet gudstenester og tal deltakarar. Kolonnen til høgre viser endring i gjennomsnittleg tal gudstenestedeltakarar frå 2014 til 2015.

I 2015 vart det halde 3006 gudstenester, ein nedgang frå 2014 på 92 gudstenester – som svarar til ein reduksjon på 2,9 prosent. Oppslutninga om gudstenester på søn- og helgedagar har i snitt gått ned med 2 personar til 103, som svarar til ein reduksjon på 2,2 prosent.

Om vi legg til gudstenester på kvardagar, så vart det totalt halde 3668 gudstenester i Møre bispedøme. Det gir ein total reduksjon av gudstenester frå 2014 til 2015 på 145 – ein nedgang på 4 prosent.

Ser vi på den totale oppslutninga om gudstenestene, så har den gått ned med 15 978 personar frå 2014 til 2015. Det er ein nedgang på 4 prosent i Møre bispedøme samla sett. Oppslutninga om det totale gudstenestene er uendra på 106 personar, så hovudårsaka til nedgangen i talet på deltakarar kan forklarast ut frå nedgang i talet på gudstenester.

Ser vi på utvikling av gudstenester og gudstenestedeltakarar over tid, har vi slik oversikt:

Tabell 3.1.1.3 Utvikling av gudstenestetotal og tal gudstenestedeltakarar i Møre bispedøme

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Gudstenester søn-/helgedagar	3 380	3 401	3350	3 219	3215	3 191	3 151	3098	3006
Deltakarar Sø-/helgedagar	376 166	360 920	357 704	344 499	356 446	342 855	332 548	327384	311543
Snitt pr. gudst. søn-/helgedagar	111,3	106,1	106,8	107	110,9	107,4	105,7	104,9	103,6
Gudsten. utanom søn-/helgedagar	774	717	735	714	723	730	716	713	660
Deltaking utanom søn-/helgedagar	80 238	69 406	79 905	72 033	73 980	76 648	77 319	77193	77056
Snitt pr. gudst. utanom søn-/helg	103,7	96,8	108,7	100,9	102,3	105	107,9	111	116,8


Tabellen viser utvikling av gudstenestetotal og tal gudstenestedeltakarar totalt og snitt. Tala er samanstilte etter at alle sokn har rapportert for 2015.

Ser vi talet på gudstenester fordelt pr prosti, ser tabellen slik ut:

Tabell 3.1.1.4 Gudstenesteutvikling pr prosti og totalt

	Endring 14-15	Endring 14-15 i prosent	Endring 11-15	Endring 11-15 i prosent	Snitt siste 5 år	2015	2014	2013	2012	2011	2010
Molde Domprosti	-35	-7,5	-3,4	-7,3	498	467	502	509	509	501	503
Søre Sunnmøre	-19	-3,1	-40	-6,5	639	615	634	636	653	655	688
Austre Sunnmøre	-2	-0,6	-16	-5,1	321	311	313	319	333	327	328
Nordre Sunnmøre	-35	-6,0	-67	-11,5	627	583	618	655	630	650	652
Indre Romsdal	13	5,1	-21	-8,2	255	255	244	249	255	276	278
Ytre Nordmøre	-2	-0,5	7	1,7	412	414	416	408	417	407	443
Indre Nordmøre	-12	-3,3	-38	-10,5	380	361	373	375	392	399	327
Møre totalt	-92	-3,1	-209	-7,0	3132	3006	3098	3151	3189	3215	3219

Diagram 3.1.1.5 Utvikling i gudstenestetal



Diagrammet viser utvikling i gudstenestetalet på søn- og helgedagar i kvart av dei sju prostia i Møre bispedøme.


Nedgangen i gudstenestetal dei siste åra har sin hovudårsak i at talet på prestestillingar har blitt redusert med 4 årsverk. Dette har ført til ein nedgang i gudstenestetalet på søn- og helgedagar over tid. Ein annan faktor er at fleire gudstenester er forordna på vekedagar.

Nedgangen i gudstenestetalet frå 2014 til 2015 har sin hovudårsak i nedgang i Molde domprosti og Nordre Sunnmøre prosti. Der har det vore ein reduksjon i presteressursane

som no gjer seg gjeldande. For dei andre prostia er gudstenestetalet og noko redusert, med unntak av Indre Romsdal, der det er ein liten auke.

Ser vi nærare på dei ulike prostia, går endringane i både positive og negative retningar:

Diagram 3.1.1.6 Gudstenester søn- og helgedagar i prostia, utvikling



Alle prosti har over tid hatt reduksjon i talet på gudstenester på søn- og helgedager. Dei mindre prostia har hatt ei flatare utvikling enn dei store prostia, som har ein vesentleg reduksjon over tid. Molde domprost har i liten grad hatt endringar i talet på søn- og hellegudstenester dei seinare åra, men har ein tilbakegang i 2015. Dette gjeld også Austre Sunnmøre prosti.


Ytre Nordmøre prosti har hatt ein reduksjon i nærare 100 gudstenester dei siste 10 åra. Indre Romsdal prosti har hatt ein reduksjon på nærare 50 gudstenester i same perioden. Indre Nordmøre har dei seinare åra hatt store variasjonar, men med nedadgåande trend. Denne trenden har vist ei utflating siste år.

Korleis dette er i høve til forordningane må ein annan analyse vise til, men inntrykket er at det er dei forordna gudstenestene som blir haldne, men heller ikkje fleire.



Friluftsgudsteneste i samband med klimavandring.

Diagram 3.1.1.7 Gudstedeltaking søn- og helgedagar i prostia, utvikling i totale tal



Dei største prostia, Søre Sunnmøre og Nordre Sunnmøre har jamn reduksjon i det totale gudstenestebesøkte på søn- og helgedagar. Tilsvarande for Molde domprosti. Den største effekten er at prosti kvar har 50 – 60 lågare gudstenestetel samanlikna med for nokre år sidan. Ein mindre årsaksdel er at det ved kvar gudsteneste i snitt er reduksjon på 2-4 gudstenestedeltakar. Frå 2013, 2014 til 2015 har det vore ein vesentleg reduksjon på Søre Sunnmøre. Ein bør gå nærare inn på tala for den enkelte kyrkjelyd for å få ei nærare forståing.

Molde domprosti har frå 2001 eit jamt tal gudstenestedeltakarar på søn- og helgedagar, men ein vesentleg reduksjon i 2015.

Indre Romsdal og Austre Sunnmøre har varierende trend.

Indre Nordmøre prosti har jamn gudstenestedeltaking trass i reduksjon i talet på gudstenester.

Totalt sett ser vi at folk vel å gå til gudsteneste om lag som tidlegare, men det totale gudstenesteframmøtet går ned som følgje av at det blir halde færre gudstenester. Dette er i hovudsak knytt til mangel på ressursar til å oppretthalde gudstenestetilbodet.

3.1.2 Gudstenestefrekvens

Gudstenestefrekvensen i Møre er i underkant av 50% - lågast av alle bispedømene. Snittet for alle bispedømer er 60%.

Tabell 3.1.2.1 Gjennomsnittleg gudstenestefrekvens på sun- og helgedagar

Prosti	Antall sokn	Antall gudstenester 2014	Antall gudstenester 2015	Gudsteneste Frekvens 2014	Gudstjeneste Frekvens 2015
Molde domprosti	11	502	467	76,1%	67,4
Søre Sunnmøre	19	634	615	55,6%	51,4
Austre Sunnmøre	10	313	311	52,2%	49,4
Nordre Sunnmøre	14	618	583	73,6%	66,1
Indre Romsdal	15	244	255	27,1%	27%
Ytre Nordmøre	13	416	414	53,3%	50,6%
Indre Nordmøre	15	373	361	41,4%	38,2%
Møre totalt	97	3098	3006	53,3%	49,2%

Kjelde: SSB. Gudstjenestefrekvensen er utrekna slik: Tal gudstenester på sun- og helgedager delt på antal sun- og helgedager delt på antall kyrkjelydar. For 2014 var det rekna 60 sun- og helgedagar. For 2015 er det rekna 63 sun- og helgedagar inkludert julaftan og nyttsaftan.

Årsaka til variasjonar i gudstenestefrekvens mellom prostia er variasjonar i storleik på sokn. Sokn med få kyrkjemedlemmer har færre gudstenester pr år enn sokn med fleire. Mange små sokn totalt fører til låg gudstenestefrekvens. 97 sokn fordelt på 69 presteårsverk tilseier ei slik fordeling. Alle sokn har presteneste, men mange i berre delar av ei stilling slik at den enkelte prest gjer teneste i fleire sokn. Kvar prest utfører i snitt 43,5 gudstenester på sun- og helgedagar. Vi meiner den gjennomsnittlege gudstenestefrekvensen i Møre er for låg. Dei faktorane som kan påverke er presteressursar og talet på sokn.

Møre bispedømeråd tar ikkje aktivt initiativ til å slå saman sokn no. Dette har sin bakgrunn i fleire endringsprosessar som verkar inn både lokalt, regionalt og nasjonalt. Om det frå lokale sokn blir tatt initiativ til samanslåing, så er bispedømerådet ein positiv bidragsytar.

Lokale grunnordningar for ny gudstenesteordning er vedtekne for alle prosti.

TILTAK OG PRIORITERINGAR INNAN MÅLET: GUDSTENESTELIVET BLOMSTRAR

I 2015 har bispedømerådet ferdigstilt sak og såleis gjort vedtak om fordeling av presteressursar for alle prosti i Møre bispedøme. Fordelinga er gjort ut frå tildelte ressursar og vedteken ressursfordelingsmodell. Det er i Møre dei seinare åra gjort ein reduksjon på fire årsverk presteressursar.

Ut frå fordeling av presteressursar har biskopen gjort vedtak om forordning av gudstenester. Talet på gudstenester på sun- og helgedagar skal no vere tilpassa talet på presteressursar og prestestillingar i Møre.

Forordninga er gjort etter slike føringar:

- a) Stabile gudstenestetal i samsvar med forordninga biskopen har gjort
- b) Omsyn til ferie- og fridagsreglement for prestar
- c) Regel for kor ofte dei ulike typane hovudgudstenester skal feirast i kvar av kyrkjene
- d) Regel for kvar høgtidsdagane skal feirast
- e) Integrering av trusopplæring og andre planar i gudstenestelivet


Nattverddeltaking

Nattverddeltakinga har over tid gått opp. Dette har i hovudsak bakgrunn i at talet på gudstenester med nattverd også går opp. I 2015 er det likevel ein reduksjon i gudstenester med nattverd – som også får konsekvensar for det totale talet nattverddeltakarar. I 2015 var 55 prosent av alle gudstenester med nattverd, mot 45 prosent i 2010 og 38 prosent i 2007. Snitt-talet som går til nattverd er stabilt og svakt aukande, slik vi ser av tabellen under.

Tabell 3.1.2.2 Utvikling i tal gudstenester med nattverd og nattverddeltaking

	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Gudstenester m/nattverd	1 579	1 593	1 675	1 751	1 804	1 914	2079	2101	2023
Nattverddeltakarar	63237	60413	64417	66646	71856	75687	80798	82912	80804
Snitt pr. gudsteneste	40	37,9	38,5	38,1	39,8	39,5	38,9	39,5	40

Diagram 3.1.2.3 Utvikling av gudstenester med nattverd pr. prosti




3.1.3 Kyrkjeleg vigsel

Tabell 3.1.3.1 Vigsel i prostia, utvikling i tal

År	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Molde	108	109	77	90	108	99	100	94	82	84	69	69	85
Søre Sunnmøre	141	140	114	108	139	150	109	95	94	88	83	67	68
Austre Sunnmøre	61	76	68	54	50	45	74	69	44	57	57	66	63
Nordre Sunnmøre	178	151	172	157	192	175	175	178	131	127	131	110	114
Indre Romsdal	41	33	44	35	40	35	40	34	26	31	28	27	37
Ytre Nordmøre	106	116	94	89	81	90	91	82	62	77	73	71	67
Indre Nordmøre	68	59	44	54	56	67	59	53	63	64	36	42	45
Sum	703	684	613	587	666	661	648	605	502	528	477	452	479

Tabellen viser talet på kyrkjelege vigslar pr. prosti og totalt i perioden 2003 - 2015

Diagram 3.1.3.2 Diagrammet kyrkjeleg vigsel pr. prosti og totalt



Diagrammet viser talet på kyrkjelege vigslar pr. prosti og totalt

Tabell og diagram viser utviklinga i kyrkjeleg vigsel i perioden 2000 – 2015. År 2000 var eit symboltungt år, der mange vigslar blei inngått. Sidan har det gått i bølger, men med ein nedadgåande trend. Nedgangen er størst i dei største og bynære prostia. Dei minste prostia har hatt jamnare vigselstal. Frå 2014 til 2015 har det vore auke i kyrkjelege vigslar.


3.1.4 Kyrkjeleg gravferd

Tabell 3.1.4.1 Gravferd i prostia, utvikling i tal

År	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Molde	351	318	302	335	362	368	346	322	344	298	349	342	345
Søre Sunnmøre	446	356	330	382	413	380	405	420	391	375	390	379	367
Austre Sunnmøre	169	161	190	187	202	209	194	188	181	190	175	179	181
Nordre Sunnmøre	529	483	438	501	534	553	503	518	490	510	491	506	497
Indre Romsdal	185	179	154	196	169	162	176	194	166	189	184	157	183
Ytre Nordmøre	414	380	392	348	408	390	397	392	356	352	390	370	361
Indre Nordmøre	240	223	272	258	282	287	280	214	274	267	250	264	267
Sum	2334	2100	2078	2207	2370	2349	2301	2248	2202	2181	2229	2197	2201

Tabellen viser talet på gravferder i prostia og totalt for perioden 2003 - 2015

Diagram 3.1.4.2 Gravferd i prostia, utvikling i tal



Diagrammet viser talet på gravferder i prostia og totalt for perioden 2000 – 2015

98,7% av alle dødsfall medfører ei kyrkjeleg gravferd. Det er sterke tradisjonar for å delta i gravferd i Møre bispedøme. Kyrkja har ein sentral plass.

3.1.5 Samisk kyrkjeliv

Tabell 3.1.5.1 Samisk kyrkjeliv

	Tal sokn som har hatt gudstenester med samisk innslag	Talet på gudstenester med samisk innslag	Talet på sokn som har innarbeidd samisk språk i ordning for gudstene	Talet på sokn som har innarbeidd samisk språk i lokal trusopplæringsplan
Møre	0	0	0	0
Totalt	92	1181	51	30

Kjelde: SSB og bispedømme. Dei to første kolonnene inneheld tal rapportert frå kyrkjelydane til SSB. Dei to kolonnene til høgre inneheld tal frå bispedømme på kor mange kyrkjelydar som har innarbeidd samisk språk i den lokale ordninga for gudstene og i den lokale trusopplæringsplanen.

I Møre er det ingen kyrkjelydar som har innarbeidd bruk av samiske språk i lokal plan for gudstene eller lokal plan for trusopplæringsplan. Samemanntalet viser at det er om lag 250 samar i Møre og Romsdal. Møre bispedømme har knytt til seg ein lokal ressurs med samisk opphav for å gje råd til kyrkjelydar og tilsette som møter behov eller ønskjer å legge til rette for samiske språk i gudstene og/eller trusopplæringsplan. Møre bispedømme vil også kunne hente kompetanse hos Samisk kirkeråd.

GUDSTENESTELIVET BLOMSTRAR: TILTAK OG PRIORITERINGAR

- Gudstenerereforma innført gjennom godkjenning av lokale grunnordningar for alle sokn.
- Sokn samordnar lokale grunnordningar
- Satsing på det kyrkjemusikalske arbeidet, gjennom fagsamlingar og inspirere til å arbeide med planar for kyrkjemusikk i møte med råd og tilsette.
- Kultur, kyrkjemusikk, misjon, diakoni og undervisning blir innkorporert i gudsteneestetilivet Vi styrkjer kompetansen for kyrkjeleg tilsette ved samlingar for faggruppene.
- Visitas-arbeidet søkjer å styrkje breidda og oppslutninga om kyrkja.
- Fornya fokus på evangelisk-luthersk sakramentsforståing
- Tydeleg invitasjon til dåp og nattverd
- Utvikle leiing av medliturgar



3.2 Dåp og trusopplæring

Strategisk mål: Fleire søker dåp og trusopplæring

Indikatorar: Andel døypte av tiløyrande medlemmer
Opplæringstilbod i timar
Deltakardel på utvalde, nasjonale breiddetiltak
Konfirmerte av døyte 15-åringar

Måloppnåing: Målet er i stor grad nådd

MÅLOPPNÅING VIST VED INDIKATORAR:

3.2.1. Dåpshandlinger

I 2015 vart det i Møre bispedøme totalt gjennomført dåpshandlingar slik:

Tabell 3.2.1.1 Tal dåpshandlingar

	Tal dåpshandlingar	Tal døypte busett i eit anna sokn	Prosent endring frå 2014
Møre	2178	34 %	-1 %
Totalsum	34180	31 %	-2 %

Kjelde: SSB. Tabellen viser talet dåpshandlingar utførte i Møre bispedøme i 2015 og totalt for heile landet.


Om vi ser på utviklinga over dei siste 15 åra fordelt på prosti og totalt i Møre, kan vi vise denne tabellen:

Tabell 3.2.1.2: Utvikling av dåpstal pr. prosti og totalt

År	2000	2001	2002	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Molde	456	404	409	398	431	407	415	420	411	431	368	390	404	375	338	324
Søre Sunnmøre	623	593	550	553	592	575	515	567	583	516	546	519	487	450	421	413
Austre Sunnmøre	322	303	270	275	227	219	236	237	251	260	247	218	226	184	202	177
Nordre Sunnmøre	784	757	788	709	788	763	723	772	752	746	712	679	679	664	618	583
Indre Romsdal	211	201	208	181	217	187	183	176	188	182	160	172	186	149	125	156
Ytre Nordmøre	524	495	413	456	428	413	386	429	404	387	397	374	362	330	271	294
Indre Nordmøre	290	271	254	268	266	246	230	244	240	229	191	233	196	187	228	193
Sum	3210	3024	2892	2840	2949	2810	2688	2845	2829	2751	2621	2585	2540	2338	2218	2175

Kjelde: SSB. Tabellen viser talet på dåpshandlingar som er utførte i Møre bispedøme i perioden 2000 til 2015, fordelt på prosti. Førebelse tal for 2015.

Diagram 3.2.1.3: Utvikling av dåpstal pr. prosti og totalt



Diagrammet og tabellen viser utvikling av tal dåpar pr. prosti i perioden 2000 – 2015.

Totalt i Møre bispedømme har det vore ein reduksjon av dåpshandlingar gjennom heile 2000-talet. Reduksjonen er mindre i 2015 enn tidlegare år. Dei enkelte prostia har litt ulik utvikling, men med fallande trend. Frå 2014 til 2015 er det for fleire prosti ei utflating. To av prostia har auke i talet på dåp. Dette kan ha samband med auka fokus på dåp. Vi ser vidare på del døypte av medlemmer og tilhøyrande:

Tabell 3.2.1.4 Del døypte av medlemmar og tilhøyrande, 1-10 år

	0 år	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	6 år*	7 år	8 år	9 år	10 år
Oslo	38 %	59 %	61 %	64 %	63 %	64 %	72 %	67 %	72 %	72 %	75 %
Borg	50 %	72 %	73 %	74 %	75 %	77 %	81 %	80 %	81 %	82 %	85 %
Hamar	59 %	84 %	85 %	82 %	84 %	87 %	89 %	86 %	88 %	90 %	90 %
Tunsberg	51 %	74 %	75 %	77 %	78 %	78 %	83 %	81 %	81 %	84 %	86 %
Agder og Telemark	54 %	77 %	77 %	80 %	81 %	82 %	85 %	84 %	85 %	85 %	86 %
Stavanger	60 %	81 %	82 %	83 %	84 %	86 %	89 %	87 %	89 %	89 %	91 %
Bjørgvin	56 %	79 %	79 %	82 %	83 %	84 %	89 %	86 %	88 %	88 %	90 %
Møre	63 %	88 %	87 %	87 %	90 %	92 %	93 %	91 %	93 %	94 %	96 %
Nidaros	56 %	80 %	82 %	82 %	83 %	83 %	88 %	84 %	87 %	88 %	90 %
Sør-Hålogaland	54 %	79 %	83 %	82 %	82 %	84 %	88 %	84 %	89 %	88 %	90 %
Nord-Hålogaland	54 %	81 %	82 %	79 %	82 %	86 %	88 %	86 %	87 %	89 %	90 %
Totalt	53 %	76 %	77 %	78 %	79 %	81 %	85 %	82 %	84 %	85 %	87 %

Kjelde tabell nedst førre side: Dei kyrkjelege registera. Delen døypte er rekna ut slik: Talet medlemmar/summen av medlemmar og tilhøyrande. Aldersgruppene er sette saman av barn fødde i løpet av eit kalenderår. Dette betyr at 0-åringar er fødde mellom 01.01.2015 og 31.12.2015, og i mange tilfelle ikkje vil bli døypte før i 2016. Delen 1-åringar som er døypte er derfor ein betre indikator på kor mange medlemmar som døyper barna sine. Saman med reelle endringar i delen medlemmar som døyper barna sine, er det også grunn til å tru at dåp av barn som er eldre enn eitt år, forseinkingar i registrering av dåp samt sletting av status for tilhøyrslse, kan bidra til at delen døypte er høgare for eldre aldersgrupper.

**For barn i alderen 6 år, er delen døypte for høg grunna ein feil knytt til status for tilhøyrslse i 2009. Feilen fører med seg at det er for få tilhøyrande i aldersgruppa, og medlemsdelen gir dermed ikkje eit rett bilde av kor stor del barn av medlemmer i aldersgruppen 6 år som er døypte.*

Desse tala viser at 88% av medlemmane i Den norske kyrkja i Møre vel å døype barna sine innanfor dei to første leveåra. Dette er høgaste delen i heile Noreg.

I 2015 vart det fødd 2789 personar i Møre og Romsdal. Det vart døypt 2175 personar, noko som gir ein dåpsprosent på 81,5. Tar vi utgangspunkt i antal fødde av medlemmar er dåpsprosenten 88%

Vi ser av tabellane over at tal dåpshandlingar i Møre over tid går ned i reelle tal og i høve til prosent dåp av dei som høyrer til Den norske kyrkja.

Delen dåp med adresse utanfor soknet er på om lag 34 %. Vi vil måtte sjå nærare på kor mange av desse som har adresse utanfor Møre bispedøme. Med mange små sokn og gudstenestefrekvens på 50%, er det natuleg å gå ut frå at mange vel å døype i ei kyrkje i nærleiken om det ikkje er gudsteneste i soknekyrkja. Om vi ser på dei reelle tala, kan det sjå ut som det er i stagnasjon i nedgangen. Eitt prosti har ei utflating og i to av prostia er det ein liten auke.

I Møre bispedøme har det vore sett søkjelys på dåp i media, ved at det er sett ned ei særskilt prosjektgruppe og ved at dåp har vore fagtema på stiftssamling for alle prester. Det er usikkert i kor stor grad dette har verknad for statistikken. Dåpen er ikkje lenger berre ei tradisjonsberande handling, men for mange eit individuelt bevisst val. At om lag 12% av foreldre som er medlemmar ikkje døyper i Den norske kyrkja handlar dels om ei haldning om at barna skal kunne velje sjølv. Vi ser også aukande trend til å døype i organisasjonar.



3.2.2 Trusopplæring – opplæringstilbud i timar

3.2.2.1 Gjennomsnittleg tal timar trusopplæringstilbud i kyrkjelydar med godkjend plan

	Tal timar planlagt (i aktiv plan)	Gj.snittleg tal timar planlagt (i aktiv plan)	Tal timar gjennomført	Tal timar - gjennomsnitt	Tal timar i gjennomsnitt Året før	Endring frå året før (timar)
Møre 2014	14848	234,7	11678	208,5	214,0	-5,5
Møre 2015	13187	248,8	10288	194,1	208,5	-14,4
Samla 2015	158492	239,5	130599	200,6	204,6	4,0

Kjelde: Kyrkjelydane si rapportering i «Planverktøy for trosopplæring». Tabellen inneheld tal timar trusopplæring i sokn i driftsfase, som har godkjent plan. Det samla gjennomsnittet er gjennomførte timar delt på talet godkjende planar. Planlagte timar i aktive planar er tatt med til samanlikning. Kolonnen til høgre viser endring i gjennomsnittleg tal timar frå 2014 til 2015 og 2013 til 2014.

Møre har litt færre timar i aktive trusopplæringsplanar enn gjennomsnittet. Derimot vart det gjennomført gjennomsnittleg fleire timer enn gjennomsnitt i Norge. Dette er eit uttrykk for at planane i Møre bispedøme er realistiske.

Planane er godkjende til ulike tider og kriteria for godkjenning har vore i endring over tid. Planane har hatt (og nokre har framleis) store variasjonar når det gjeld timetal.

3.2.3. Trusopplæring - deltakardel på utvalde nasjonale breiddetiltak

Tabell 3.2.3.1 Gjennomsnittleg deltaking ved utvalde trusopplæringstilbud og del deltakarar i målgruppa.

		Dåpssamtale	4-års- bok	Breiddetiltak 6-åringar	Tårnagent- helg	LysVåken	Konfirm.	Etter Konf.
Møre 2014	Deltakarar	1118	859	593	460	552	2894	599
	Del målgruppa	94 %	58 %	42%	34 %	41 %	92 %	21%
Møre 2015	Deltakarar	1132	882	515	433	514	2954	458
	Del målgruppa	103 %	61 %	40 %	36 %	29 %	94 %	14 %
Totalt 2015	Deltakarar	17439	9797	6410	5834	5903	22645	3886
	Del	99 %	49 %	30 %	27 %	25 %	87 %	15 %

Kjelde: Kyrkjelydane si rapportering i «Planverktøy for trosopplæring». Tabellen inneheld tal deltakarar i tiltak som er tilbydde i sokn i driftsfase, og delen deltakarar av alle døypte i aldersgruppa tiltaket rettar seg mot. For dåpssamtale er målgruppa alle døypte samme år som er busette i soknet.

Tabellane stadfestar at det har vore nedgang i oppslutning på ein del område i Møre bispedøme, og dermed er målet berre delvis nådd. Det vil bli vurdert tiltak for å hjelpe kyrkjelydane å fornye arbeidet sitt innan tiltak som har mindre oppslutnad enn før.

3.2.4. Trusopplæring - Oppslutning om trusopplæringstiltak

Tabell 3.2.4.1. Oppslutning om trusopplæringstiltak, utvikling

	2011	2012	2013	2014	2015
	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent	Prosent
Dåpssamtale	94 %	100 %	119 %	94%	103%
4 årsbok	67 %	56 %	63 %	58%	61%
6 år	52 %	38 %	43 %	42%	40%
Tårnagenthelg	45 %	27 %	33 %	34%	36%
LysVåken	54 %	30 %	36 %	41%	29%
Konfirmasjon	93 %	96 %	94 %	92%	94 %
Etter Konfirmasjon	44 %	13 %	35 %	21%	14%

3.2.5 Konfirmasjon

Tal 15-åringar som vel konfirmasjon er på 81,9 prosent i Møre bispedøme. Tar vi utgangspunkt i tal døypte 15-åringar er talet 92,7 prosent. Konfirmasjonstalet er stabilt over tid, slik tabellen nedanfor viser.


Tabell 3.2.5.1. Konfirmantar i prosent av 15-åringar

	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014
Konfirmantar	2 970	2 861	2 901	2 811	2 848	3 006	2 822	2 723	2 872
Konfirmasjon i % av 15 åringar	83,7	84,0	83,9	82,6	83,4	83,8	81,8	81,5	81

Tabell 3.2.5.2 Konfirmerte i prostia, utvikling i tal

År	2003	2004	2005	2006	2007	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Molde	417	440	395	395	471	400	464	414	483	428	426	398	392
Søre Sunnmøre	594	617	604	647	535	589	587	600	598	565	556	549	538
Austre Sunnmøre	271	274	265	256	271	268	243	272	280	242	265	292	273
Nordre Sunnmøre	690	758	757	750	713	745	691	720	736	749	713	778	723
Indre Romsdal	230	213	257	254	216	216	217	238	227	206	197	179	187
Ytre Nordmøre	406	425	380	442	426	423	365	391	415	413	356	410	376
Indre Nordmøre	228	231	201	226	229	260	244	213	267	224	210	276	249
Sum	2836	2958	2859	2970	2861	2901	2811	2848	3006	2827	2723	2882	2835

Diagram 3.2.5.3 Konfirmerte i prostia, utvikling i tal



Diagrammet viser utvikling av tal på konfirmantar i prostia i perioden 2002 – 2015.

Møre har høg konfirmasjonsdeltaking samanlikna med andre bispedøme.

I Møre bispedøme ser vi høg deltakingsprosent i høve til trusopplæringa. Vi trur årsakene til dette er fleire:

- Den norske kyrkja har historisk sett stått sterkt
- «Tradisjon» tilseier at medlemmane deltar i aktivitetar knytte til kyrkjelyden
- Dei kristne organisasjonene i delar av bispedømet har gjort og gjer eit stort og viktig arbeid
- Folk er glade i si lokale kyrkje og møter opp når det er noko som skjer
- I Møre er det mange dyktige og dedikerte medarbeidarar – løna og frivillige

Det er ein auke i deltaking innan dei «tradisjonelle» tiltaka dåpssamtale, 4-årsbok og konfirmasjon, men nedgang innan dei nyare tiltaka. Årsakene treng vi meir tid til å finne ut av, men nokre inntrykk vil vi presentere:

Det virkar som om det er eit skifte, i alle fall i dei dei såkalla «by-kyrkjelydane». Der har det dei seinare åra blir brukt meir og meir ressursar på nettverksbygging, informasjonsarbeid og direkte oppfølging for å få borna/foreldra til å besøke dei ulike tiltaka. Vi ser likevel tendens til at oppslutninga går ned. Dette kan ha mange årsaker. Mellom anna kan det ha å gjere med auka sekularisering og større religionsmangfald. Kanskje ser vi også verknaden av at skulane i større grad ønskjer å vere religionsnøytrale.

Kyrkja har eit ansvar for både å opplyse om og tilby sine ressursar. Det ligg eit klårt ansvar i å ta vare på kulturhistoria vår. Som kyrkje har vi eit ansvar ved at vi dagleg nyttar eit «levande kulturminne», i kraft av den rolla kyrkja som institusjon har i lokalsamfunna. Det å gjere planane stadeigne blir meir viktig, både av omsyn til kulturarv, identitet og inkludering. Dette blir sentrale verdiar når sokna skal revidere trusopplæringsplanane sine.

Den minkande oppslutninga kan også kome av at det har vore ein del utskifting av trusopplæringsmedarbeidarar i bispedømet. Det tek tid å bli kjent med nye oppgåver og det tek tid å opparbeide gode nettverk.

Ein del av endringa kan også ligge i at kyrkjelydane/einingane reviderer trusopplæringsplanane i høve til realistisk måloppnåing. Dette kan innebere at ikkje alle kyrkjelydane/tildelingseiningane kan gje tilbod om 315 timar pr. barn i perioden 0-18 år.

Trass i dette blir det lagt ned mykje godt arbeid frå dei ulike faggruppene i kyrkjelydane, som tilsaman resulterer i eit godt trusopplæringstilbod. Innsatsområdet må vere å skape større eigarskap til trusopplæringsplanane mellom dei ulike faggruppene/arbeidsgruppene.


Måla viser at det står att mykje arbeid når det gjeld oppslutning kring trusopplæringstiltak etter konfirmasjonen. Dette kan ha å gjere med at tilbodet innan fritidsaktivitetar er blitt større og at ungdom vel tilbod etter kvar dei fleste deltek. Ofte er det også slik at dei som er aktive innan eitt område, gjerne er engasjerte innan fleire fritidsaktivitetar.

Det er mange små plassar i fylket vårt, der ungdommane ofte må flytte eller pendle til vidaregåande skule. Dette gjer det vanskelegare å halde oppe lokale tilbod.

Det blir spennande om satsinga til bispedømet knytt til ungdomsåret visest igjen i tala for neste år.

TILTAK OG PRIORITERINGAR INNAN DÅP OG TRUSOPPLÆRING:

- Møre bispedømeråd har tilsett rådgjevar undervisning i 100% stilling.
- Alle sokn i alle prostia har fått tildelt trusopplæringsmidlar.
- Fokus på undervisningsmedarbeidarar, med fagdagar og etablering av Forum for trusopplæring i alle prosti.
- Gjennomføring av årsrapportsamtalar med alle tilskotsmottakarar, i hovusak som besøk/møte med tildelingseininga.
- Møre bispedømeråd og Møre biskop Igangsett særskilt prosjekt knytt til dåp og dåpsutvikling.
- Nettverksbygging og styring av regionalt og lokalt samarbeid.
- Forankre tilknyttinga mellom ungdomsarbeid og trusopplæringsplanar.
- Regionale og lokale leiartreningsopplegg for ungdom.



Trusopplæring: I Møre bispedøme er det høg deltaking innan trusopplæring.

3.3. Kyrkje og samfunn

Strategisk mål: Folkekyrkja engasjerer seg i samfunnet

Indikatorar: Tal kyrkjelydar med diakonal teneste
Tal kyrkjelydar med godkjent diakoniplan
Tal treff på nettsider
Tal Grøne kyrkjelydar
Tal kyrkjelydar med misjonsavtale
Tal konsertar og arrangement i kyrkjene
Forvaltningssaker etter kyrkelova og gravferdslova 2015
Måloppnåing: Målet er delvis nådd

MÅLOPPNÅING VIST VED INDIKATORAR:

3.3.1 Diakoni

Tabell 3.3.1.1 Sokn med diakonalt tilbod

	2014	2015	Del sokn med diakonalt tilbod	Tal sokn totalt
Møre	56	53	55 %	97
Totalt	628	647	52 %	1237

Kjelde: Bispedømmekontora. Tabellen viser tal sokn med diakonalt tilbod og kor stor del av sokna som har diakonalt tilbod. Kolonna til høgre, «Tal sokn totalt», inkluderer ein val-kyrkjelyd, men ikkje kategorialkyrkjelydar knytte til bispedømet.

Tabell 3.3.1.2 Sokn med lokale diakoniplanar

	2014	2015	Del sokn med lokal plan for diakoni	Tal sokn totalt
Møre	59	62	64 %	97
Totalt	626	761	62 %	1237

Kjelde: Bispedømmekontora (Björgvin: SSB). Tabellen viser tal sokn med lokal plan for diakoni vedtatt etter 2007 og kor stor del av sokna som har vedtatt slik plan. Tal sokn totalt inkluderer valkyrkjelydar, men ikkje kategorialkyrkjelydar knytte til bispedømet.

Tabell 3.2.3.1 og 3.2.3.2 viser reduksjon i sokn med diakonal teneste, slik at 55 prosent av alle sokn i Møre er dekte. 62 sokn, eller 64 prosent, har lokal diakoniplan. Dette er ein auke på 3 sokn frå 2014.

3.3.2. Informasjon

Tabell 3.3.2.1 Treff på bispedøma sine heimesider

	2013	2014	2015	Tal treff per dag
Møre	3 307	6 912	18 211	50
Totalt	157 758	173 652	217 416	596

Kjelde: Bispedøma. Tala over referer til tal unike besøk (øker, ikke sidevisningar) på bispedøma sine nettsider i løpet av 2014 og 2015.

Møre har om lag tredobla treff på sine heimesider i 2015. Det er merksemd kring oppdatering, fornying og aktualitet. Heimesidene skal støtte både kommunikasjon med publikum og informasjon til tilsette. Heimesidene var særskilt mykje nytta for informasjon knytt til kyrkjevalet. Dette kan vere ein av faktorane for auken. Vi vonar på vidare utvikling gjennom ny heimesideløysing.

3.3.3 Miljø

Tabell 3.3.3.1 Grøne kyrkjelydar

	Tal grønne menigheter	Prosent	Totalt tal kyrkjelydar
Møre	7	7,2 %	97
Totalt	299	24 %	1244

Kjelde: Kyrkjerådet. Tal kyrkjelydar som er registrerte som grønne kyrkjelydar på gronkirke.no.

Møre bispedømeråd og Møre biskop har fokus på og oppmodar om å bli grøn kyrkjelyd. Møre har lågast oppslutning av alle bispedøme. Det er blitt enklare å registrere seg som grøn kyrkjelyd. Nokre tilbakemeldingar går i retning av at det kostar for mykje å bli sertifisert.

3.3.4 Misjon

Tabell 3.3.4.1 Kyrkjelydar med misjonsavtalar (i ein av SMM-organisasjonene)

	Tal misjonsavtaler 2015	Tal kyrkjelydar med misjonsavtale 2015	Tal kyrkjelydar med misjonsavtale 2014	Endring 2014-2015
Møre	70	64	74	-10
Totalt	959	866	952	-86

Kjelde: NMS, Normisjon, Misjonsalliansen, Israelsmisjonen, Stefanusalliansen, Areopagos og Himalpartner. 2014-tal: Etatsstatistikk 2014. Ein kyrkjelyd er talt ein gong i kolonna «Tal kyrkjelydar med misjonsavtale 2015». Årsaka til den store nedgangen frå 2014 til 2015 kan til ein viss grad kome av samanslåingar av kyrkjelydar, men det er også truleg at det ikkje blei talt opp kor mange kyrkjelydar som hadde misjonsavtalar, men kor mange avtalar som var inngått og at tabellen blei feil i 2014, då fleire kyrkjelydar er representerte med meir enn ein avtale. I den første kolonna er det derfor oppgitt kor mange avtalar som er inngått totalt i bispedøma.

Per 31/12-15 er det 64 kyrkjelydar, 66% i Møre som har misjonsavtalar gjennom organisasjonane i Samarbeid Menighet og Misjon (SMM). Det store avviket frå tala i fjor skuldast at ein då talde kvar einskild avtale i staden for å finne talet på kyrkjelydar med avtale. I realiteten har tala vore stabile frå 2014 til 2015.

Tradisjonelt har det vore mange og aktive misjonsorganisasjonar på lokalt og regionnivå i Møre bispedøme. Det er nok vore ein tanke om at misjon høyrde misjonsorganisasjonane til – ikkje kyrkja. Dei seinare åra er det blitt ei endring i misjonsforståinga, særleg etter kyrkjemøtet si handsaming av «Misjon til forandring» - sak 7/12. Dette har vore sterkare kommunisert – også gjennom fagdagar, visitasar generelt og kurs for nye sokneråd spesielt.

3.3.5 Kultur

Tabell 3.3.5.1 Konsertar og andre kulturarrangement

	Konsertar				Andre kulturarrangement			
	I regi av kyrkjelyden		I regi av andre		I regi av kyrkjelyden		I regi av andre	
	Tal	Deltakarar	Tal	Deltakarar	Tal	Deltakarar	Tal	Deltakarar
Møre 2014	374	35740	230	40229	79	6896	42	3559
Møre 2015	377	40161	266	48569	98	7500	52	4284
Totalt	6273	671119	3751	712560	2178	268246	488	76946

Kjelde SSB. Tabellen viser tal konsertar og kulturarrangement som er rapporterte frå kyrkjelydane, og deltakarar på desse arrangementa. For sokn som ikke har rapportert i 2015 er 2014-tal lagt til grunn.

Tabell 3.3.5.2 Konsertar og andre kulturarrangement – deltakarar og endring i prosent

	Totalt tal konsertar og kulturarrangement		Deltakarar konsertar og kulturarrangement		Prosent endring 2014-2015	
	2014	2015	2014	2015	- i tal konsertar/ kulturarr.	- i tal deltakarar
Møre	804	793	97752	100514	-1 %	3 %
Totalsum	12862	12690	1638608	1728871	-1 %	6 %

Kjelde SSB. Tabellen viser tal konsertar og kulturarrangement som er rapporterte frå kyrkjelydane, og deltakarar på desse arrangementa. Tabellen viser også dei same tala for 2014, og den prosentvise endringa frå desse.

Talet på besøkande for konsertar og kulturarrangement i Møre har for første gong passert 100 000. Dette viser at kulturarbeidet er ein viktig berejleke for folkekyrkja i Møre. Det er vanskeleg å gje forklaring på kva som er årsak til stigande tal, men inntrykket ein får i møte med kyrkjelydane er at

det er eit aukande behov hos menneske for å oppsøkje kyrkja i andre samanhengar enn gudstenester og kyrkjelege handlingar. Mange opplever det enklare å besøkje kyrkja til konsertar og kulturarrangement.

Vi trur også at det har samanheng med systematisk arbeid over tid for å motivere og initiere til aktivitetar på dette feltet. Det er ei jamn auke både når det gjeld eigne konsertar, konsertar arrangert av andre, og andre typer kulturarrangement.

Ut frå statistikken er det nokre tyngdepunkt i det kyrkjekulturelle arbeidet i Møre: Volda, kyrkjelydane i Ålesund, Molde og Kristiansund. Desse driv eit svært aktivt og godt arbeid på dette feltet. Men statistikken viser eit godt og omfattande kulturaktivitet også i mindre kyrkjelydar. Det er svært få som ikkje rapporterer på konsertar og kulturarrangement.

Spesielt gledeleg:

- KKKK Akademi (Kristiansund Kirke og Kultur) fekk 1,5 millioner kroner over revidert statsbudsjett for 2015, og mottok det samme beløpet over det ordinære statsbudsjettet for 2016. Dette gjev mulegheiter til å vidareføre og styrke det store og viktige arbeidet som er blitt drive innanfor profesjonelt kyrkjeleg kunst- og kulturarbeidet, både i Kristiansund, på Nordmøre, og også som inspirasjon for heile bispedømet.
- Klangfestivalen i Vågøy blei etablert i 2014, og befesta sin posisjon i 2015 som ein viktig og nyskapande festival i skjeringspunktet mellom kyrkjemusikk, jazz, klassisk, folkemusikk og litteratur. I 2015 blei det også gjennomført ein Klangturne i kyrkjer i bispedømmet, med framføring av delar av programmet på festivalen.
- Framleis godt samarbeid med kulturavdelinga i Møre og Romsdal fylkeskommune i arbeidet med Den kulturelle skulesekken. Hausten 2015 blei «I et spel, i en gåte» tilbudt ungdomsskuleelevar i nokre av kommunane i Romsdal. Her blir elevane kjent med kristne symbol og kyrkjekunst.

Utfordringar:

- Mange som søkjer finansiering til kyrkjelege kulturprosjekt opplever at vegen til økonomisk støtte er lang.
- Vidareføring av det veksande engasjementet for kystpilegrimsarbeidet.

3.3.6 Forvaltningssaker etter kyrkjelova og gravferdslova 2015

Etter både kyrkjelova og gravferdslova med forskrifter er det lagt vedtaksmynde til biskop og bispedømeråd for visse saksområde. Riksantikvaren har i løpet av 2015 utarbeidd fleire rettleiarar for forenkla kyrkjesaksbehandling av listeførte kyrkjer. Rettleiarane er utarbeidd i samarbeid med Kyrkjerådet og Kyrkjeleg arbeids- og interesseorganisasjon. At biskopen no har fått delegert vedtaksmynde for einskilde saksområde som gjeld listeførte kyrkjer, er eit uttrykk for at kyrkja sjølv får større ansvar for kyrkjene som kulturminne.

Vedtak gjorde av fellesråd eller sokneråd i medhald av offentleglova (jf KL § 38) kan bli klaga til bispedømerådet. Enkeltvedtak gjorde av fellesråd eller sokneråd i medhald av gravferdslova eller forskrifta til denne kan bli klaga til bispedømerådet.

Etter kyrkjelova § 18 skal biskopen godkjenne "Anskaffelse og avhendelse av kirkens inventar og utstyr." I 2015 gjorde biskopen vedtak i 10 saker i medhald av denne paragrafen. Fire av sakene gjaldt kyrkjetekstilar. Elles var det saker om m.a. lysglobe, kyrkjeskjip, stolar og prosesjonskors.

Etter kyrkjelova § 21 har biskopen delegert mynde til "å godkjenne ombygging og utvidelse av kirke og til å tillate bebyggelse nærmere enn 60 meter fra kirke i spredtbygd område."

«Ombygging» er eit vidt omgrep i kyrkjelova § 21. I 2015 gjorde biskopen vedtak i 13 saker etter denne paragrafen. Biskopen følgde Riksantikvaren si rådgjeving i alle sakene der kyrkjene var listeførte. Sakene gjaldt tilkomst, ytre rehabiliteringar og forbetringar, toalett, orgel, benkeendringar, fargesetting m.v. I éi av sakene var kyrkja vedtaksfreda (Molde domkirke), og Riksantikvaren gjorde vedtak etter kulturminnelova, biskopen etter kyrkjelova.

Tabell 3.3.6.1 Tal på forvaltningsaker etter kyrkjelova § 18 og § 21 i 2015:

	2015
Vedtak gjort av biskopen om kyrkjeinventar og utstyr etter KL § 18	10
- av desse tekstilsaker	4
Vedtak gjort av biskopen i ombyggingssaker etter KL § 21	13

I 2015 har det ikkje vore klagesaker etter Offentleglova på vedtak i kyrkjelege organ, jf. kyrkjelova § 38.

Etter gravferdslova § 4 m.fl. og etter forskrifta til lova har bispedømerådet mynde til å godkjenne nyanlegg og utvidingar av gravplassar, dessutan andre vesentlege endringar på gravplass. Bispedømerådet har og mynde til å godkjenne ferdigstilling av gravplass (forskrifta § 6) og til å godkjenne vedtekter for gravplass (§ 21). I 2015 gjorde bispedømerådet vedtak i 4 slike saker.

I saker som gjeld anlegg og vesentlege endringar på gravplass hentar bispedømerådet inn råd frå departementet sin gravplassrådgjevar.

Tabell 3.3.6.2 Tal på saker etter gravferdslova § 4 m.fl. og forskrifta i 2015:

	2015
Vedtak gjort av bispedømerådet i saker etter gravferdslova	4
Klage på enkeltvedtak i fellesråd	0

Etter kyrkjelova § 16 skal bispedømerådet godkjenne før det kan takast opp lån på vegner av soknet. I 2015 var det ingen slike saker. Bispedømerådet godkjende ein søknad som gjaldt disponering av kyrkjefond etter kyrkjelova § 19.

I alle forvaltningssaker etter kyrkjelova og gravferdslova la ein også i 2015 vekt på nær dialog og godt samarbeid med dei kyrkjelege fellesråda og kyrkjevevjene.




Aure kyrkje

TILTAK OG PRIORITERINGAR INNAN KYRKJE OG SAMFUNN:

1. Møre bispedømeråd har tilsett rådgjevar diakoni i 50 %, rådgjevar misjon i 75 % (i samarbeid med SMM-organisasjonane) og rådgjevar kultur i 100 %.
2. Møre bispedømeråd har ved fordeling av tilskot til diakonistillingar prioritert kyrkjelydar med mange medlemmer.
3. Det har vore fokus på at diakoniplanar skal vere godkjende etter Kyrkjemøtet sitt vedtak om plan for diakoni.
4. Arbeidet med å lage artiklar til heimesida ligg til alle tilsette ved bispedømekontoret. Arbeidet med å publisere ligg til ein person. Bispedømet har ingen tilsette med særskild informasjons- eller kommunikasjonsansvar, men dette vil bli arbeidd nærare med i 2016.
5. Fokus på Grøne kyrkjelydar gjennom utvida arbeid i ressursgruppe for Skaparverk og berekraft, blir fokusert i visitasar og ved at det er utarbeidd ny brosjyre som kyrkjelydane kan ta i bruk.

6. Det blir arbeid for å fremje misjonal grunnhaldning i gudstenesteliv, trusopplæring og diakoni ved å følgje opp Kyrkjemøtet si sak 07/12 «Misjon til forandring». Oppfølgjinga skjer gjennom fagdagar, visitasar og i ulike tverrfaglege samanhengar.
7. Misjonsperspektivet vert fokusert gjennom
 - a. utvikling av samarbeidet med SMM Møre og i relasjon til den einskilde kyrkjelyden
 - b. ved å utvikle samarbeidsavtalene med venskapsbispedøma i Newcastle og Ungarn.
8. På kulturfeltet er det særskilt fokus på å
 - a. Auke offentleg finansiering av kultur i kyrkjene og/eller i regi av kyrkjelyden og bispedømerådet ved særskilt å gi informasjon om finansieringsordningar
 - b. Utvikle nye og ta vare på etablerte samarbeidstiltak
 - c. Auke kyrkjeleg kulturkompetanse gjennom fagsamlingar og kurs
 - d. Utvikle spisskompetanse innan felte Den kulturelle skulesekken og dramaturgiske uttrykk
 - e. Bidra til etablering av Kystpilegrimsleia
9. Gjennom visitasar: fokus på kyrkja i lokalsamfunnet
10. Biskopen er aktiv i offentlege samanhengar i møte med ulike organ, t.d. på fylkes- og kommunenivå. Biskopen tek også del i den offentlege debatten i ulike media.



Kateketvigling i Nasset.

3.4 Rekruttering og frivillighet

Strategisk mål: Fleire får lyst til å jobbe i kyrkja

Indikatorar: Utlysingar, søknader og tilsettingar prestestillingar
Slutta
Rekruttering
Tal vigslingar
Tal frivillige

Måloppnåing: Stor grad av måloppnåing

MÅLOPPNÅING VIST VED INDIKATORAR:

3.4.1 Utlysingar, søknader og tilsettingar

Tabell 3.4.1.1 Utlysingar, søknader og tilsettingar av prestestillingar

	Utlyste stillingar	Tal søknader	Søknader per utlysing	Stillingar utlyst fleire gonger	Tilsettingar
Møre 2015	17	53	3,1	2	14
Totalt 2015	183	989	5,4	37	146

Kjelde: Bispedøma. Talet utlyste stillingar viser kor mange prestestillingar som har vore utlyste i løpet av rapporteringsåret (1. des. 2014 til 30. nov. 2015). Det kan vere avvik mellom tal tilsettingar og tal utlyste stillingar fordi tilsettingar til stillingar som er utlyste før rapporteringsåret tok til er rekna med. Tal tilsettingar er også uavhengig av om den tilsette har byrja i stillinga på rapporteringstidspunktet.

Tabell 3.4.1.2 Utlysingar, søknadar og tilsettingar 2009-2015, Møre og alle bispedøma

Tabell		2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015
Tal utlysingar	Møre	16	15	8	6	12	8	17
	Alle	140	115	134	119	198	171	183
Tal søknadar pr. utlysing	Møre	2,2	3,1	2	5,8	2,8	3,1	3,1
	Alle	3,8	5	5,1	7,0	4,5	4,5	5,5
Tal tilsettingar	Møre	14	6	10	6	11	6	14
	Alle	130	92	112	105	164	139	146
Tal stillingar lyste ut fleire gonger	Møre	4	6	2	0	2	0	2
	Alle	38	22	26	19	40	43	37

Tabellen viser utvikling av utlysingar, søknadar, tilsettingar frå 2009 til 2015

Møre bispedømme har hatt ein utfordrande rekrutteringssituasjon over fleire år. I 2015 var det særleg mange utlysingar – 17 i talet. Det vart gjort 14 tilsettingar. I 2015 var snittet på søkjarar pr. stilling 3,1, same som for 2014. I Møre er det 2,3 søknadar mindre enn landsnittet. Med andre ord er det søkjarar, men ikkje mange å velje mellom når tilsetting skal skje. Tatt i betraktning tal utlysingar, er tal stillingar lyste ut fleire gonger (2) akseptabelt.

Tabell 3.4.1.3 Kvinnedel - søknadar og tilsettingar

	Søknadar			Tilsettingar		
	Tal søknadar	Av dette frå kvinner	Del kvinner	Tal tilsettingar	Av dette kvinner	Del kvinner
Møre 2015	53	9	17 %	14	3	21 %
Totalt 2015	989	378	38 %	146	57	39 %

Kjelde: Bispedømmet. Tabellen viser kor mange søknadar som kom frå kvinner i løpet av rapporteringsåret (1. des. 2014 til 30. nov. 2015), og kor stor del desse søknadane utgjorde av alle søknadane som kom inn. Tabellen fortel også kor mange kvinner som blei tilsett i bispedømmet og kor stor del av tilsettingane som var kvinner.

Tabell 3.4.1.4: Kvinnedel søknadar og tilsettingar i Møre og alle bispedøma

	Søknadar									Tilsettingar								
	Tal søknadar			Av desse frå kvinner			Kvinnedel			Tal tilsettingar			Av desse kvinner			Kvinnedel		
	-13	-14	-15	-13	-14	-15	-13	-14	-15	-13	-14	-15	-13	-14	-15	-13	-14	-15
Møre	33	25	53	7	10	9	21%	40%	17%	11	6	14	4	4	3	36%	67%	21%
Total	893	775	989	324	248	378	36%	32%	38%	164	139	146	65	53	57	40%	38%	39%

Kjelde: Bispedøma

Møre har framleis ein låg del kvinner som søker prestestilling. Tal søknadar frå kvinner er stabilt, men når tal tilsettingar og søknadar går opp, blir delen låg – berre 17% i 2015. Kvinner blir oppfordra om å søkje – nokre gonger i så sterk grad at bispedømmet også får spørsmål om menn er ønskt som søkjarar.

Vi ser av tabellen nedanfor at dei fleste nytilsette i Møre kjem frå anna prestestilling eller anna kyrkjeleg stilling. I 2015 kom fire direkte frå utdanning. Møre bispedømme har få utenlandske søkjarar. Dei siste to åra er det ikkje tilsett utenlandske prestar.

Tabell 3.4.1.5: Tilsetting etter siste tilsetningsforhold

	2013		2014		2015	
	Tal	Del	Tal	Del	Tal	Del
Anna statleg prestestilling	5 (97)	45% (59%)	5 (88)	83% (63%)	9 (86)	64% (59%)
Anna kyrkjeleg stilling	1 (25)	9% (15%)	1 (13)	17% (9%)	(18)	(12%)
Anna stilling utanfor kyrkja	1 (9)	9%(5%)	(14)	(10%)	1 (9)	7% (6%)
Utdanning	3 (23)	27%(14%)	(17)	(12%)	4 (21)	29% (14%)
Frå utlandet	1 (10)	9% (6%)	(5)	(4%)	(11)	(8%)
Anna / ukjent	0 (0)	(0%)	(2)	(1%)	(1)	(1%)
Totalt	11 (164)		6 (139)		14 (146)	

Kjelde: Bispedømme og «Etatsstatistikk 2015». Tal utanfor parentes viser Møre, tal i parentes viser totaltal for alle bispedøma. Tabellen viser førre tilsetningsforhold for dei som er tilsette i rapporteringsåret. Frå utlandet gjeld kun prestar som er utanlandske statsborgarar, ikkje nordmenn som har vore tilsette i utlandet (Sjømannskyrkja m.m.).

3.4.2 Slutta

3.4.2.1. Slutta frå prestestilling

	2013		2014		2015	
	Tal	Del	Tal	Del	Tal	Del
Til anna prestestilling	1 (59)	20% (39%)	5 (70)	56% (48%)	10 (67)	67%(48%)
Til anna stilling i kyrkja	(11)	(7%)	(7)	(5%)	(12)	(9%)
Til stilling utanfor kyrkja	1 (10)	20% (7%)	(14)	(10%)	1 (10)	7%(7%)
AFP	(24)	(16%)	2 (27)	22% (18%)	1 (11)	7%(8%)
Alderspensjon	3 (35)	60% (23%)	1 (19)	11% (13%)	3 (32)	20%(23%)
Anna / ukjent	(11)	(7%)	1 (9)	11% (6%)	(9)	(6%)
Totalt	5 (150)	100%(100%)	9 (146)	100%(100%)	15 (141)	100%(100%)


Kjelde: Bispedømme og «Etatsstatistikk 2015». Tal utanfor parentes viser Møre, tal i parentes viser totaltal for alle bispedøma. Tabellen viser talet som slutta frå faste prestestillingar i bispedømmet i løpet av rapporteringsåret og kor stor del dei ulike årsakene utgjorde av det totale talet som slutta.

Vi ser at av dei som sluttar i ei prestestilling går eit fleirtal i Møre over til anna prestestilling. Fleire går over til anna prestestilling i Møre, men det har vi ikkje statistisk grunnlag for. Dei andre sluttar som følgje av alderspensjon eller AFP. Ser vi særskilt på dei som sluttar etter årsak fordelt på kvinner og menn, ser tala slik ut.

Tabell 3.4.2.2 Kvinnedel, sluttar og årsak

		Anna prestestilling	Anna kyrkjeleg stilling	Stilling utanfor kyrkja	Alderspensjon og AFP	Totalt (real tall)	Del kvinner/menn
Kvinner	2012	1	0	0	1	2	20%
Menn	2012	4	1	0	3	8	80%
Kvinner	2013	1	0	0	0	1	20%
Menn	2013	0	0	1	3	4	80%
Kvinner	2014	3	0	1	1	5	56%
Menn	2014	2	0	1	1	4	44%
Kvinner	2015	2	0	0	0	2	13%
Menn	2015	8	0	1	5	14	87%

Kjelde: Møre bispedømme. Tabellen viser tal som sluttar frå faste prestestillingar i Møre bispedømme i løpet av rapporteringsåret og årsak, fordelt på menn og kvinner. Utvikling frå 2012 – 2015.



3.4.3 Rekruttering

3.4.3.1 Rekrutteringssituasjonen i bispedøma

Ledige stillingar

	2012	2013	2014	2015
Agder og Telemark	0	0	0	0
Bjørgvin	0	1	1	4
Borg	0	0	0	0
Hamar	0	6	3	7
Møre	1	4	4	2
Nidaros	5	6	12	13
Nord-Hålogaland	9	9	13	9
Oslo	0	1	0	0
Stavanger	0	0	0	0
Sør-Hålogaland	12	5	10	22,5
Tunsberg	0	0	0	0
Totalt	27	32	43	57,5

Kjelde: Bispedøma. Talet viser talet ledige prestestillinger i bispedømmet pr. 30. november 2015. Ei stilling er ledig når stillinga ikke er tilsett av ein person i fast stilling, trass i at stillinga har vore lyst ut ein eller fleire gonger og tilsettingsprosessen er avslutta.

Ser vi på ledige stillingar og samanliknar med andre bispedøme, ser vi at Møre har utfordringar, men ikkje meir enn det er mogleg å handtere. Av dei 6 bispedøma som har lyst ut fleire gonger, er Møre det bispedømmet som har lågast tal med 2. I høve til talet på utlysingar er dette akseptabelt.

Nyrekruttering

3.4.3.2 Ny-rekruttering» 2015

	Tilsettingar	Slutta	Ny- rekruttering 2015	Ny- rekruttering 2014	Ny- rekruttering 2013
Møre	14	16	-2	-2	3
Totalt	146	141	5	-6	11

Kjelde: Bispedøma og «Etatsstatistikk 2015». Tabellen viser tal tilsettingar og dei som slutta i bispedømma i løpet av rapporteringsåret (1. des. 2014 til 30. nov. 2015). Ny-rekruttering er tal slutta trekt frå tal tilsettingar.

Møre har bidratt med tre «ny-rekrutteringar» i 2015. Årsaka er i hovudsak at det er tilsett færre prestar enn det har vore avgang.

3.4.4 Tal vigslingar

Tabell 3.4.4.1 Tal på vigslingar i Møre i 2014

	2015	2014
Møre	3	3

Det vart gjennomført 3 prestevigslingar i 2014 og tre prestevigslingar i 2015 i Møre bispedøme.

3.4.5 Frivillige medarbeidarar

3.4.5.1 Tal frivillige medarbeidarar

	2014	2015	Endring 2014-2015
Møre	6013	6803	13 %
Totalsum	88030	91049	3 %

Kjelde: SSB. Tabellen viser tal frivillige medarbeidarar i kyrkjelydane.

For sokn som ikkje har rapportert i 2015 er 2014-tal lagt til grunn.

Møre bispedøme har hatt auke i talet på frivillige medarbeidarar med 13%. I overkant av 3 % av alle medlemmar er rekna som frivillige medarbeidarar. Vi har for lite grunnlag til å seie noko om endringane, men vil peike både på gudstenesterefoma og trusopplæringsreforma som viktige område som krev auka involvering. Vi vil også peike på effekten av at kyrkjelydane må rapportere tal for frivillige og dermed også ha auka fokus.

TILTAK OG PRIORITERINGAR INNAN REKRUTTERING OG FRIVILLIGHET

- God rekrutteringspolitikk gjennom oppfølging av rekrutteringsplan for prestar i Møre bispedømme
- Aktivt møte med prestar i utdanning gjennom VTP-programmet
- Gjennomført samlingar for nytilsette
- Gjennomført prestesamling for alle kyrkjelege tilsette
- Oppfølging av regionalt rundskriv om stillingar knytte til diakoni og undervisning – har bidratt til at fleire tar utdanning.
- Satsing på ungdomsdemokrati/ungdomsråd, ungdomsarbeid og leiartreningskurs



Møre bispedømme har auke i talet på frivillige medarbeidarar

3.5 Presteteneste og personalforvaltning

Delmål:

- God organisering og leiing av prestetenesta
- gode arbeidstilhøve og ei teneste tilpassa lokale tilhøve

Indikatorar:

Tal årsverktal
faste prestestillingar etter kjønn
pensjonistar og einskildtenester
ekstratenester
aldersfordeling
stillingskategoriar
sjukefråver
lønsutvikling
kyrkjelege handlingar pr. prest
kyrkjemedlemer pr. prest

Måloppnåing: Stor grad av måloppnåing

MÅLOPPNÅING VIST VED INDIKATORAR:

3.5.1 Tal årsverk

Tabell 3.5.1.1. Tal årsverk i bispedøma og årsverk i prestetenesta i 2014 og 2015

	Adm.	Prest	Totalt	Del presteårsverk
Møre 2014	13,5	73,0	86,5	84 %
Møre 2015	12,0	69,1	81,1	85 %

Kjelde: SAP/DFØ. Tabellen viser tal årsverk for 2014 og 2015 pr 30/11 med utgangspunkt i faste tilsette sin stillingsprosent.

Talet på årsverk med utgangspunkt i faste tilsette sin stillingsprosent har frå 2014 gått ned, både i administrasjon og presteteneste. Forholdet mellom administrasjon og presteteneste er på 85 prosent. Stillingar i administrasjonen inneheld også stillingar finansierte via andre kjelder enn statlege driftsmidlar. Nedgangen i presteteneste har årsak i det er fleire ledige stillingar på tellingstidspunktet enn i 2014.

3.5.2 Ekstratenester

Ut over dei faste stillingane er det nytta vikarar og pensjonistar for å gjere presteteneste. For pensjonistar er det ein auke frå 2013 til 2015 på 2,8 årsverk, slik tabellen nedanfor viser:

Tabell 3.5.2.1 Pensjonistar og enkelttenester, 2013 - 2015.

Utbetalte timar for medarbeidarar på pensjonistvilkår.

	2013		2014		2015	
	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk	Timar	Årsverk
Møre	3 379	1,9	4 053	2,3	8253	4,7
Totalt	51 016	29,2	74 064	42,3	78876	45,1

Kjelde: SAP. Oversikta ovenfor viser talet timar som er utbetalt til medarbeidarar som har vore lønna på pensjonistvilkår i perioden frå 1. jan. 2014 til 31. des. for 2013, 2014 og 2015 i Møre bispedøme og totalt. Kolonnene "årsverk" viser kor mange årsverk desse timane utgjer, basert på at eit normalårsverk tilsvarar 1 750 timar. I 2013 blei talet timar rekna frå 1. des. 2012 – 30. nov 2013. Frå 2014 blei talet timar rekna frå 1. jan. til 31. des.

Årsaka til auka bruk av pensjonistar er dels at det i 2015 har vore fleire vakansar i samband med skifte i prestestillingar, dels at det er fleire pensjonistar som er villige til å gjere presteteneste.

Vi ser også på utviklinga av enkelttenester, slik tabellen nedanfor viser:

3.5.3 Gudstenester, gravferd og vigsel

Tabell 3.5.3.1. Ekstratenester gudstenester, gravferd og vigsel

	Gudstenester			Gravferd			Vigsel			Alle
	Ekstern	Tilsett	Totalt	Ekstern	Tilsett	Totalt	Ekstern	Tilsett	Totalt	Sum
Møre 2014	78	12	90	37	21	58	8	10	18	166
Møre 2015	64	18	82	74	34	108	11	11	22	212
Totalt 2015	1025	230	1255	689	270	959	117	288	405	2619

Kjelde: SAP/DFØ. Tabellen over gir oversikt over kor mange ekstratenester knytte til gudstenester, gravferder og vigsel som bispedøma har utbetalt lønn/honorar for etter fastsette satsar i perioden 1. januar 2015 til 31. desember 2015. Talet er fordelt på eksterne medarbeidarar, dvs. pensjonistar eller andre ordinerte prestar som ikkje var tilsette i statleg stilling og tilsette i bispedømme som har vore honorerte for utførte ekstratenester.

Frå 2014 til 2015 er det ein mindre auke i utførte enkelttenester på gudsteneste og vigsel i Møre bispedøme. Det er nærare ei dobling i enkelttenester for gravferd. Enkelttenester for gudstenester og gravferd blir 70 – 80 prosent av tenestene utført av eksterne. I 2015 blei det gitt godtgjerdsle for i underkant av èin enkeltteneste utført av eigne tilsette pr. presteårsverk. Eigne tilsette utfører 30% av alle enkelttenester. Dette er prosentvis det same som på landsplan.

Om vi ser tal faste presteårsverk, årsverk pensjonistar og enkelttenester i samanheng, er det totalt om lag likt for 2015 i høve til 2014.

3.5.4 Kyrkjelege handlingar per faste presteårsverk

Om vi samanliknar tal kyrkjelege handlingar pr. presteårsverk, så ser vi at Møre – saman med Stavanger – har høgast gjennomført snittal, med nærare 92. Ser vi Møre i høve til dei andre bispedøma, ser det slik ut:

Tabell 3.5.4.1. Kyrkjelege handlingar per faste presteårsverk

	Tal gudstenester, vigslar og gravferder	Faste presteårsverk	Gjennomsnittleg tal kyrkjelege handlingar per presteårsverk	Endring i 2014- 2015
Agder og Telemark	11332	133,2	85,1	-7,5
Bjergvin	13827	169,2	81,7	-5,3
Borg	11974	136,4	87,8	-4,2
Hamar	10336	115,2	89,7	-1,9
Møre	6344	69,1	91,8	-0,1
Nidaros	9780	110,6	88,5	4,4
Nord-Hålogaland	6672	79,7	83,7	-8,5
Oslo	10307	149,0	69,2	-3,6
Stavanger	9011	97,9	92,1	-3,3
Sør-Hålogaland	6476	73,6	88,0	7,1
Tunsberg	10421	117,6	88,7	4,3
Totalt	106480	1262,2*	84,4	-2,1

Kjelde: SSB og DFØ/SAP. Kolonna heilt til høgre viser endring i gjennomsnittleg tal kyrkjelege handlingar per presteårsverk frå 2014 til 2015. For 2015 er 2014-tall lagt til grunn for tal kyrkjelege handlingar i sokn som ikkje har rapportert.

**Totalsummen for landet inkluderer 11 presteårsverk i døveprostiet som ikkje er inkluderte i tala for bispedøma.*

Tabell 3.5.4.2. Tal kyrkjemedlemmar pr. faste presteårsverk

	Presteårsverk	Medlemmar i Dnk	Medlemmar per prest	Endring frå 2014
Agder og Telemark	133	337994	2538	-222
Bjørgvin	169	486048	2873	-185
Borg	136	497860	3650	-109
Hamar	115	315934	2742	-53
Møre	69	216003	3126	66
Nidaros	111	361205	3267	151
Nord-Hålogaland	80	192345	2413	-233
Oslo	149	461662	3099	-72
Stavanger	98	343130	3507	-16
Sør-Hålogaland	74	200353	2722	207
Tunsberg	118	376836	3206	111
Totalt	1251	3789370	3029	-51

Kjelde: SAP/DFØ og Den norske kyrkja sitt medlemsregister. Medlemstalet inkluderer ikkje personar busette i utlandet eller som ikkje kunne knytast til eit geografisk sokn, og er derfor noko lågare totalt enn det som vil vere offisielle tal på alle medlemmar busette i Noreg.

3.5.5 Samansettinga av presteskapet

Om vi ser nærare på samansettinga i presteskapet, først kjønn og deretter alder, finn vi dette:

Møre bispedømme har ein kvinnedel på 23 prosent i høve til snittet for landet på 31 prosent. Frå 2014 til 2015 har Møre det same talet kvinner. Kvinnedelen er auka fordi det i perioden har skjedd ein reduksjon i talet på stillingar med 2, og at denne reduksjonen har skjedd blant menn.

Tabell 3.5.5.1. Tal faste prestestillingar fordelt på kjønn 2014

Og 2015	2014			2015		
	Kvinner	Menn	Totalt	Kvinner	Menn	Totalt
Møre	16	56	72	16	54	70
Totalt	381	895	1276	400	894	1294

Kjelde: SAP/DFØ

Frå 2009 til 2015 har kvinnedelen i Møre hatt ei utvikling slik det går fram av tabellen under. Det er kvinner i alle prosti, og to av prostane er kvinner. Vi viser elles til likestillingsrapporteringa i kap 6.

Tabell 3.5.5.2. Prosentdel kvinner i prestestillingar 2009 - 2015, Møre og landet

2009		2010		2011		2012		2013		2014		2015	
Kvinner Møre	Totalt landet	Kvinner Møre	Totalt landet	Kvinner Møre	Totalt landet	Kvinner Møre	Totalt landet	Kvinner Møre	Totalt landet	Kvinner Møre	Totalt	Kvinner Møre	Totalt
15,1%	22,5%	14,3%	26,2%	16,2%	26,5%	18,6%	27,2%	20,8%	29,4%	22,2%	29,9%	22,9	30,9

Kjelde: SAP/DFØ. Tabellen over viser aldersfordelinga blant prestar som er tilsette i fast stilling, både deltid og heiltid, i bispedøma.

Tabell 3.5.5.3. Aldersfordeling i presteskapet 2013 - 2015

	Under 40 år		40 - 49 år		50 - 59 år		Over 60 år		Totalt
	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.	Pst.	Ant.
Møre 2013	17	24 %	14	19 %	20	28%	21	29 %	72
Møre 2014	19	26 %	11	15 %	20	28 %	22	31 %	72
Møre 2015	17	24 %	10	14 %	21	30 %	22	31 %	70
Totalt 2013	225	18 %	298	23 %	411	32%	340	27 %	1274
Totalt 2014	222	17 %	298	23 %	394	31 %	362	28 %	1276
Totalt 2015	214	17 %	321	25 %	385	30 %	374	29 %	1294

Kjelde: SAP. Tabellen over viser aldersfordelinga blant prestar som er tilsette i fast stilling i bispedøma. Medarbeidarar som er lønna i andre stillingskodar, under dette kateketar o.l., inngår ikkje i grunnlaget. Talet omfattar tilsette i både heitids- og deltidstillingar.

Møre bispedøme er blant dei to bispedøma i landet som i prosent har flest prestar under 40 år, med 24 prosent, men også det bispedømet som har færrest mellom 40 og 49 år, med 14 prosent. I dei andre aldersgruppene 50- 59 og over 60, er det 30 prosent. Vi meiner det er god aldersspreiing i presteskapet.

Tabell 3.5.5.4. Stillingskategoriar

	Biskop	Prost	Sokneprest	Kapellan	Spesialprest	Seniorprest	Prostiprest	Totalt
Agder og T	1	10	91	21	9	4	2	138
Bjergvin	1	10	107	17	17	10	11	173
Borg	1	9	90	26	7		6	139
Hamar	1	8	82	9	5	3	10	118
Møre	1	7	50	6	1	4	1	70
Nidaros	2	11	74	13	6	1	5	112
Nord-Hålog.	1	9	48	9	3	2	10	82
Oslo	1	7	68	54	12	6	5	153
Stavanger	1	9	72	7	4	2	10	105
Sør-Hålog.	1	8	50	7	1	2	5	74
Tunsberg	1	10	76	17	3	8	4	119
Døveprostiet		1			10			11
Totalt	12	99	808	186	78	42	69	1294
Prosentandel	0,9 %	7,7 %	62,4 %	14,4 %	6,0 %	3,2 %	5,3 %	

Kjelde SAP/DFØ. Tabellen viser fordelinga mellom ulike stillingskategoriar i faste prestestillingar pr. 31. desember 2015. Kategorien prost inkluderer også domprostar. Den nedste rada viser prosentdelen dei ulike stillingskategoriane utgjer for bispedøma totalt.

Tabellen over viser fordeling av prestestillingar i Møre og landet elles. 70% av kyrkjelydsprestane i Møre er sokneprestar. Dette har si årsak i mange sokn der presten har site i sokneråd. Dette er også bakgrunnen for at det er få prostiprestar. Det er 6 kapellanar. Desse er knytte til dei store kyrkjelydane, med fleire prestar.

3.5.6 Sjukefråvær

Tabell 3.5.6.1 Sjukefråvær alle tilsette, administrasjon og presteskap

	Eigenmeldt		Legemeldt		Totalt		Kjønnsfordeling	
	Sjukedagar	Fråvær	Sjukedagar	Fråvær	Sjukedagar	Fråvær	Kvinner	Menn
Møre 2014	68	0,4 %	838	4,3 %	906	4,7 %	8,8 %	3,3 %
Møre 2015	66	0,4 %	523	2,8 %	589	3,2 %	8,0 %	1,7 %
Totalt 2014	841	0,2 %	15 380	4,3 %	16 221	4,7 %	7,7 %	3,3 %
Totalt 2015	1 044	0,3 %	15 080	4,4 %	16 125	4,7 %	6,5 %	3,7 %

Kjelde: DFØ/SAP. Tabellen over gir oversikt over talet sjukedagar som er registrert på fast tilsette i perioden 1. januar – 31. desember 2015. Sjukedagane er basert på talet virkedagar i perioden som sykefråværet omfattar, dvs. at dei er korrigerede i forhold til helg- og helgedagar, stillingsprosent og grad av arbeidsførhet (ved graderte sjukemeldingar). Det er vidare lagt til grunn at eit normalårsverk tilsvarar 230 virkedagar. Berekningsgrunnlaget er på denne måten ikkje direkte samanliknbart med anna sjukefråværsstatistikk (som bl.a. SSB utarbeider for andre sektorar. Tabellen er oppdatert 17.02.2015.)

Sjukefråveret i 2015 for Møre er lågast i landet, med 2,8 prosent. Snittet er 4,4 prosent. Det er høgare sjukefråvær for kvinner (8 %) i høve til menn (1,7%). Vi kan ikkje sjå noka særleg årsak til det låge fråværet. Generelt kan kroniske lidingar og lange fråvær slå ut i sjukefråværsstatistikken. I arbeidsplassundersøkingar seier mange at dei går på jobb sjølv om dei er sjuke. Dette er eit område vi arbeider med. Sjukefråværet blir følgt opp gjennom arbeidsmiljøutvalet og i høve til IA-rutinar.



Prostar og kyrkjevevjerer i samtale.

3.5.7 Lønsutvikling

Tabell 3.5.7.1 Lønsutvikling, fordelt etter stillingskategoriar

Gjennomsnittleg lønn ved bispedømmekontora

	Leiarar	Rådgivarar	Konsulentar	Totalt	Lønnsvekst
Agder og Telemark	650,4	516,0	454,1	531,2	2,3 %
Bjørgvin	640,9	528,0	444,7	552,6	5,3 %
Borg	667,3	529,7	468,1	547,3	0,9 %
Hamar	639,5	503,3	448,3	528,6	-0,7 %
Møre	597,3	508,8	434,3	525,9	4,3 %
Nidaros	644,9	498,4	450,7	520,3	-0,5 %
Nord-Hålogaland	640,2	532,4	450,0	522,9	-0,4 %
Oslo	662,0	500,7	487,3	523,6	4,1 %
Stavanger	638,4	503,3	452,6	523,6	-0,6 %
Sør-Hålogaland	643,6	557,6	443,6	536,8	2,9 %
Tunsberg	612,8	526,6	420,6	528,3	0,6 %

Kjelde: SAP. Tabellen over viser gjennomsnittleg brutto årslønn for faste tilsette ved bispedømmekontora ved utgangen av 2015. Stillingskategorien "leiarar" omfattar stillingskodane 1055 Personalsjef, 1056 Økonomisjef, 1062 Direktør, 1211 Seksjonssjef og 1407 Avdelingsleiar. Kategorien "rådgivarar" inkluderer stillingskodane 1364 Seniorrådgivar og 1434 Rådgivar, mens "Konsulenter" innbefattar kodane 1065 Konsulent, 1072 Arkivleiar, 1363 Seniorrådgivar og 1408 Førstekonsulent. Kolonne nr. 2 fra høgre viser gjennomsnittslønna totalt blant tilsette ved bispedømmekontoret, mens kolonna heilt til høgre viser gjennomsnittleg lønnsvekst frå nov. 2014 til des. 2015. Den gjennomsnittlege lønnsveksten blir ikkje berre påverka av endringar som følgje av lønnsoppgjeret i 2015, men også av endringar i bemanning/vakanse i stillingar etc.

Lønnsveksten ved bispedømmekontoret i Møre bispedømme er i 2015 registrert blant dei høgaste. Dette har si årsak i at lønnsoppgjeret for 2014 som følgje av tvisteløysing ikkje vart klart før våren 2015. Det har også vore skifte i stillingar gjennom 2015 som har bidratt til noko høgare lønnsvekst. I snitt ligg det totale lønnsnivået på Møre bispedømmekontor om lag som for dei fleste andre bispedøma. Går vi ned på dei ulike gruppene, ser vi at Møre ligg under alle bispedøme i høve til leiargruppa og konsulentgruppa. For rådgjevargruppa ligg Møre blant fleire bispedøme i den lågare delen.

Tabell 3.5.7.2 Gjennomsnittleg lønn i faste prestestillingar

	Prost	Sokneprest	Kapellan	Prostiprest	Spesialprest	Seniorprest	Totalt	Lønnsvekst
Møre 2014	634	508	487		529	532	520	2,5%
Snitt alle 2014	660	521	484	513	528	540	527	3,4%
Møre 2015	687	583	528	550	571	594	589	13,1 %
Snitt alle 2015	713	589	533	567	570	595	588	11,6 %

Kjelde: SAP/DFØ. Tabellen viser gjennomsnittleg brutto årslønn for faste prestestillingar ved utgangen av 2014. Under kategorien for prost inngår også domprostar, mens kategorien sokneprest omfattar fleire stillingskodar. Kolonne nr. 2 fra høgre viser gjennomsnittslønna for alle prestestillingar i bispedømet, mens kolonna heilt til høgre viser gjennomsnittleg lønnsvekst frå jan. 2014 til nov. 2014 og jan. 2015 til des. 2015.

For prestestillingar ligg gjennomsnittleg løn i Møre på gjennomsnitt for alle bispedøme. Lønnsveksten i 2015 er blant dei høgaste i landet, med 13,1 prosent. Lønssoppgjeret for 2014 var ikkje klart før våren 2015. Difor ein lågare lønnsvekst i 2014 enn for landsnittet. Avviket i høve til lønnsveksten i nokre av dei andre bispedøma har si hovudforklaring der.

Snittløn for sokneprestar i Møre ligg i underkant av snittløn for andre bispedøme. Tilsvarende gjeld for kapellanane. Prostane ligg i snitt under dei andre bispedøma. Lønnsveksten blir også påverka av endringar som følgje av lønssoppgjeret, endringar i stillingar (nytilsettingar, slutta og vakansar)

Tabell 3.5.7.3 Lønnsvekst i ulike stillingsgrupper for prestar 2013 – 2015, alle bispedøme

	2013	2014	2015	Lønnsvekst
Biskop	925	997	1048	5,1 %
Prost	633	660	713	8,1 %
Sokneprest	504	521	589	13,0 %
Kapellan	471	484	533	10,2 %
Prostiprest	497	513	567	10,5 %
Spesialprest	505	528	570	8,0 %
Seniorprest	522	540	595	10,1 %

Kjelde SAP/DFØ og Etatsstatistikken.

Tabellen viser gjennomsnittleg lønnsutvikling frå 2013 til 2015 i alle bispedøme.

Kommentar: I samband med avviklinga av prestane sine tenestebustader- og bupliktordning, fekk dei kompensasjon i form av høgare lønn. 60 mill. kroner blei fordelt slik: 0922 Kapellan 5 ltr, 1537 Prostiprest 5 ltr, 1555 Sokneprest 5 ltr, 1465 Spes.prest 4 ltr, 1466 Seniorprest 4 ltr, 0933 Prost 3 ltr, 0935 Domprost 2 ltr, 1170 Biskop 2 ltr.

Departementet skriv i Rundskriv V-7B/2015: «Årslønnsvekst som konsekvens av denne avtalen anslås for statistikkutvalget før de sentrale lønnsforhandlingene, slik at dette kan holdes utenom ordinær lønnsglidning og overheng. Det gjøres derfor oppmerksom på at lønnsveksten her ikke har tatt hensyn til dette, og er beregnet etter kompensasjonen er gitt».

Link til rundskrivet: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/rundskriv-v-7b2015-oppheving-av-prestenes-boplikt.-ny-tjenesteboligordning-i-rekrutteringssvake-omrader/id2401356/>

Tabell 3.5.7.4 Gjennomsnittsløn i faste prestestillingar, fordelt på alderskategoriar

	Under 40 år	40-49 år	50- 59 år	Over 60 år	Totalt
Møre 2015	534	585	614	610	589
Totalsum	527	569	604	625	588

Kjelde SAP/DFØ: Tabellen viser gjennomsnittleg brutto årsløn for alle faste prestestillingar, bortsett frå biskop, per 31.12 2015, fordelt på alderskategoriar.

Ser vi på gjennomsinttsløn fordelt på alderskategoriar, ser vi at Møre ligg over snittet for alle, med unntak av dei over 60 år. Dette har si årsak i lønsoppgjeret for 2014 og at for dei fleste nyttilsette er løn fastsett etter faktisk ansiennitet, mens det i aldersgruppene over er prestar som har vore i stilling over tid. Det er verdt å merke seg at dei over 60 år i snitt har lågare løn enn dei i aldersgruppa under.

TILTAK OG PRIORITERINGAR INNAN PRESTETENESTA:

- Gjennomført fordeling av presteressursar i alle prosti
- Oppretthalde presteneste i alle sokn
- Tiltak for studentar gjennom VTP-programmet
- Optimale rammer for prostetenesta
- Tydelege rammer for personal- og økonomiforvaltninga i prostia
- ABV, Retreat og anna rettleiing for prestar
- Fokus på kompetansutvikling
- Fokus på kvinner i presteneste
- Vidareutvikling av medråderett innanfor ramma av hovudavtalen
- Utvikling av lønspolitisk plan
- Fokus på arbeidsmiljø
- Administrative ressursar og rettleiing for prostane

3.6 Kyrkjedemokrati

Delmål: Den norske kyrkja skal vere organisert i samsvar med demokratiske prinsipp og verdiar

Indikator: - Valdeltaking
 - Kjønnfordeling i valde råd
 - Ungdomsrepresentasjon i valde råd

Måloppnåing: **Målet er nådd.**

Generelt om kyrkjevalet 2015

Møre bispedømmeråd gjorde vedtak om å gjennomføre kyrkjevalet for 2015 gjennom ein direkte og ein indirekte valomgang. Denne valforma går fram av valreglane. Dette var ei vidareføring av valordninga som også blei gjennomført i Møre bispedømme i 2009 og 2011. I den direkte valomgangen blei fire medlemmer valgt. I den indirekte valomgangen blei tre medlemmar valt av dei nyvalde sokneråda. Det var to lister, Nominasjonskomiteens liste og Liste for Åpen folkekirke. Dei leke tilsette og prestane valde eit medlem kvar. Saman med biskopen utgjer dette dei 10 medlemmanae i Møre bispedømmeråd.

Vi viser forøvrig til evalueringsrapport frå Møre tilsendt Kyrkjerådet og Kifo-rapport nr 1-16 «Polarisering og kontinuitet – en analyse av kirkevalget 2015»

3.6.1 Valdeltaking

Tabell 3.6.1.1 Deltaking ved direkte val av leke til bispedømmerådet

Valår	Tal personar med røysterett	Tal personar som røysta	Prosent valdeltaking
2009	177 559	21 404	11,8
2011	177 517	23 348	13,2
2015	177.290	30 427	17,2

Kjelde: Kyrkjerådet. Tabellen viser valdeltakinga ved direkte val av leke til bispedømmerådet for 2009, 2011 og 2015

I Møre bispedømme har 17,2 % av 177.290 kyrkjemedlemmar i Den norske kyrkja røysta i direktevalet av leke medlemmar til bispedømmeråd. Dette er ein auke på 4 %-poeng frå 13,2 % i 2011. Det er den nest høgste deltakingsprosenten i landet.

I det indirekte valet av leke medlemmar til bispedømmeråd røysta 523 av 621 leke soknerådsmedlemmar. Dette gir ei deltakingsprosent på 84,2.

Ut frå undersøkingar på førehand var bispedømet førebudd på ein valdeltaking over 20%. Dette førte til ein overkapasitet knytta til stemmetelling.

Tabell 3.6.1.2 Deltaking ved val til sokneråd

Valår	Tal personar med røysterett	Tal personar som røysta	Prosent valdeltaking
2009	180 859	28 246	16,8
2011	177 870	30 882	17,4
2015	177 684	33 324	18,6

Kjelde: Kyrkjerådet. Tabellen viser valdeltakinga ved val til sokneråd 2009, 2011 og 2015

I soknerådsvalet var valdeltakinga på 18,6% - 1,2%-poeng høgare enn i 2011. Valdeltakinga for sokneråd er høgare enn for bispedømerådet. Vi tolkar det som at soknerådet som representant for den lokale kyrkja blir opplevd som nærare enn bispedømerådet.

3.6.2 Kjønnfordeling

Tabell 3.6.2.1 Kjønnfordeling bispedømeråd

Valår	Tal valde bispedømeråds-medlemmar	Tal kvinner	Del kvinner	Tal menn	Del menn
2015	9	5	55,6	4	44,4

Kjønnfordelinga for bispedømerådet er 55,6 prosent/44,4 prosent. Dette er fordelinga når både dei leke og dei tilsette har valt. Om vi kun tar utgangspunkt i dei sju leke medlemmene, er det 5 kvinner og 2 menn.

3.6.2.2 Kjønnfordeling sokneråd

Valår	Tal valde soknerådsmedlemmar	Tal kvinner	Del kvinner	Tal menn	Del menn
2015	621	382	61,5	239	38,5

I sokneråda er delen kvinner over 60%.

3.6.3 Alderssamansetting

3.6.3.1 Alderssamansetting bispedømerådsmedlemer

Valår	Tal valde bispedømeråds-medlemmer	Tal over 30 år	Del over 30 år	Tal under 30 år	Del under 30 år
2015	9	7	77,8	2	22,2

22,2 % av dei valte representantane i bispedømerådet er under 30 år. Dei leke representantane har ein gjennomsnittsalder på 42 år og to av representantane er under 20 år. I nominasjonsprosessen hadde Nominasjonskomiteens liste 17% av kandidatane under 30 år. Tilsvarende tal for Open folkekyrkje var 33% under 30 år.

3.6.3.2 Aldersamansetting soknerådmedlemer

Valår	Tal valde soknerådsmedlemmar	Tal over 30 år	Del over 30 år	Tal under 30 år	Del under 30 år
2015	621	598	96,3	23	3,7

Kun 3,7% av dei valte soknerådsmedlemmene er under 30 år. Dette er langt frå målsettinga. Ut frå den låge ungdomsrepresentasjonen i 2011, tok Ungdomsrådet i Møre initiativ til «Opp til 7» - ein aksjon som ville bidra til ei fordobling av talet ungdomsrepresentantar. Resultatet viser at aksjonen heller ikkje nådde målet.

3.6.4. Røyster

3.6.4.1 Tal registrerte og forkasta røyster i direkte val av leke til bispedømerådet

	2011	2015
Tal godkjende røyster	20 888 (89,5 %)	30 201 (98,8%)
Tal forkasta røyster	2460 (10,5%)	382 (1,2%)
Sum røyster	23 348 (100 %)	30 965 (100%)

Talet på forkasta røyster har gått vesentleg ned. Dette har sin hovedgrunn i endringar i stemmesetlane.



Informasjon til veljarane var eit viktig tiltak i forkant av valet.

DEL 4 STYRING OG KONTROLL I VERKSEMDA

4.1 Styring og kontroll

4.1.1 Verksemda si risikostyring

Møre bispedømeråd er underlagt regelverket for økonomistyring i staten. På bakgrunn av dette regelverket har bispedømerådet vedteke økonomiinstruks for Møre bispedømeråd. Det er uarbeid dokumentasjon på økonomirutinar.

Det blir utarbeidd økonomirapport for kvar måned. Bispedømerådet får jamleg økonomirapportar til handsaming. Tilsvarande blir gitt til prostar annankvar måned og tillitsvalde i samband med kontaktmøte. Bispedømerådet og biskopen har vedteke delegasjonsreglement. Det ligg også føre delegasjonsreglement og underskriftsfullmakter for administrasjonen.

Møre bispedømeråd og Møre biskop er underlagt Offentleglova og Forvaltningslova. På bakgrunn av Arkivlova er det utarbeidd arkivplan med rutinar for handtering av dokument.

Vurdering av risiko og vesentlegheit er ein integrert del av planprosessane. I årsplanen blir det gjort vurdering i høve til hovudmål, og det blir gjort vurderingar for faktorarar som verkar inn på og som kan hindre i å nå måla. Der det er risiko for at hovudmålet ikkje blir nådd, vert det sett inn tiltak. Det er også gjort særlege risikovurderingar på økonomiområdet.

Gjennom styring og kontroll vil vi sikre at:

- mål og resultatkrav vert nådde
- ressursbruken er effektiv
- lov- og regelverk blir overhalde
- rekneskaps- og resultatinformasjon er relevant og påliteleg
- feil, manglar og svikt i styring blir avdekte

Vi vurderer det slik at opplegg for styring og kontroll er eigna til å kome desse krava i møte. Det blir arbeid med utvikling av system for dokumentasjon.

4.1.2 Likestilling

Likestillings- og diskrimineringslovverket pålegg statlege verksemdar aktivitetsplikt og utgreiingsplikt knytt til likestilling og diskriminering. Aktivitetsplikta inneber at statlege verksemdar, både som offentleg mynde og som arbeidsgjevar, skal arbeide aktivt, målretta og planmessig for å fremme likestilling og hindre diskriminering. Utgreiingsplikta inneber at årsrapporten skal gjere greie for kva som er gjort for å oppfylle aktivitetsplikta. Desse pliktene gjeld innanfor områda:

- kjønn
- funksjonsnedsetting
- etnisitet
- religion m.m.
- seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk

Rettsleg grunnlag: Lov 21. juni 2013 nr. 59 om likestilling mellom kjønnene (likestillingsloven) § 23, Lov 21. juni 2013 nr. 61 om forbud mot diskriminering på grunn av nedsatt funksjonsevne (diskriminerings- og tilgjengelighetsloven) § 24, Lov 21. juni 2013 nr. 60 om forbud mot diskriminering på grunn av etnisitet, religion og livssyn (diskrimineringsloven om etnisitet) § 20, samt Lov 21. juni 2013 nr. 58 om forbud på grunn av seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk (diskrimineringsloven om seksuell orientering) §§ 19 og 20.

Kjønn – faktisk tilstand

Tabell 4.1.2.1: Prosentdel kvinnelege prestar i perioden 2010 til 2015

2011		2012		2013		2014		2015	
Kvinner Møre	Landet totalt	Kvinner Møre	Landet totalt	Kvinner Møre	Landet totalt	Kvinner Møre	Landet totalt	Kvinner Møre	Landet totalt
16 %	27 %	19 %	27 %	21 %	29 %	22 %	30 %	23 %	31 %

Tabell 4.1.2.2: Del kvinner i faste prestestillingar

	Faste prestestillingar 2015			2014	2014-2015	2010	2010-2015
	Kvinner	Totalt	Kvinnedel	Kvinnedel	Endring	Kvinnedel	Endring
Møre	16	70	22,9 %	22,2 %	0,7%	14,3 %	8,6 %
Totalt	400	1294	30,9 %	29,4 %	1,5 %	26,2 %	4,7 %

Tabellane over viser talet kvinnelege prestar av totalt tal prestar i 2015, og kvinnedel av presteskapet for åra 2010 - 2015. I berekningsgrunnlaget inngår faste prestestillingar i bispedøma i kvart av desse åra, dvs. stillingar som er koda som biskop, prost (domprost, sokneprest, kapellan, prostiprest, seniorprest og spesialprest). Kolonnene til høgre viser endring i kvinnedelen, oppgitt i prosentpoeng frå 2014 til 2015 og frå 2010 til 2015 (dvs. dei siste seks åra).

Tala er rekna ut frå alle prestestillingar pr. 30.11.15. Prosentdel kvinner i Møre har gått opp frå 22,2 prosent i 2014 til 22,9 prosent i 2015. Dette er ein auke på 0,7 prosentpoeng. I perioden frå 2010 til 2015 er prosentdelen kvinnelige prestar auka med 8,6 prosentpoeng. På teljetidspunktet er det tilsett 16 kvinner av dei totalt 70 faste prestestillingane.

Møre er mellom dei bispedøma som tradisjonelt har hatt få kvinnelege prestar. Møre har hatt større prosentvis endring enn landet totalt. Møre har no 8 prosentpoeng lågare kvinnedel enn snittet for alle bispedøma. For 6 år sidan var forskjellen 11,9 prosentpoeng.

I 2015 er kvinner tilsett i 3 av 14 tilsettingssaker. Av totalt 55 søknadar var 9 frå kvinner.

Tabell 4.1.2.3: Del kvinner i leiarstillingar

	Kvinner	Totalt	Kvinnedel
Møre	3	8	37,5 %
Totalt	31	111	27,9 %

Tabellen over viser talet ogt delen kvinner mellom biskopar og prostar pr. 31.12.2014.

Av dei 7 faste prostane er det to kvinner. I gruppa "biskop og faste prostar" (1+7=8), er kvinnedelen 37,5 prosent. Landssnittet er 27,9 prosent.

Bispedømekontoret: Likestilling mellom kjønn

Tabell 4.1.2.4: Kjønnfordeling stillingsgrupper i administrasjonen

	År	Ledere	Rådgivere	Konsulent	Totalt	
					Tot. antall	Kvinneandel
Møre	2013	50 %	17 %	75 %	14	43 %
	2014	50 %	14 %	75 %	14	36 %
	2015	50 %	0 %	50 %	12	25 %
Totalt	2013	41 %	51 %	91 %	168	58 %
	2014*	35 %*	52 %*	89 %*	241*	53 %*
	2015	35 %	53 %	89 %	183	56 %

Kilde SAP/DFØ: Tabellen gir oversikt over talet faste tilsette og delen kvinner, fordelt på ulike stillingskategorier ved Møre bispedømekontor og totalt for bispedømmekontora i 2013 og 2014. Kolonnene til høyre viser totaltalet ved hvert bispedømekontor for disse stillingskategorierne, mens de to nedste radene viser kjønnfordelinga totalt for alle bispedømmekontora. Den store forskjellen i total-tal skyldes at Kyrkerådet ikke var med i statistikken i 2013.

Kva stillingskodar som inngår i kvar stillingskategori går fram her: Stillingskategorien "ledere" innbefatter stillingskodene 1055 Personalsjef, 1056 Økonomisjef, 1062 Direktør, 1211 Seksjonssjef og 1407 Avdelingsleder. Kategorien "rådgivere" inkluderer stillingskodene 1364 Seniorrådgiver og 1434 Rådgiver, mens "Konsulenter" innbefatter kodene 1065 Konsulent, 1072 Arkivleder, 1363 Seniorrådgiver og 1408 Førstekonsulent.

Ved bispedømekontoret er det redusert kvinnedel totalt til 25 prosent. Årsaka er knytta til reduksjon i talet på tilsette ved teljetidspunktet og at reduksjonen er blant kvinner.

Tabell 4.1.2.5: Kvinner si gjennomsnittslønn i prosent av menn i administrasjonen

		Leiarar	Rådgivarar	Konsulentar	Totalt
Møre	2013	82 %	91 %	100 %	100 %
	2014	75 %	93 %	99 %	88 %
	2015	80 %		95 %	92 %
Totalt	2013	93 %	96 %	99 %	87 %
	2014	88 %	96 %	100 %	88 %
	2015	97 %	97 %	95 %	91 %

Tabellen viser forholdet mellom brutto gjennomsnittslønn for kvinner i forhold til menn mellom faste tilsette ved bispedømmekontora i 2013, 2014 og 2015. Lågare prosentvis enn 100 prosent viser at gjennomsnittslønna mellom kvinner er lågare enn mellom menn, mens over 100 prosent angir høgare gjennomsnittslønn mellom kvinner.

Gjennomsnittleg løn for kvinner tilsett ved Møre bispedømekontor er totalt 4 prosentpoeng høgare i 2015 enn i 2014.

Tabell 4.1.2.6: Gjennomsnittsløn for kvinner i prosent av menns, prestestillingar

		Prost	Sokneprest	Kapellan	Andre	Totalt
Møre	2013	118 %	96 %	104 %	98 %	105 %
	2014	100 %	98 %	98 %	98 %	99 %
	2015	101 %	96 %	101 %	98 %	98 %
Totalt	2013	102 %	98 %	96 %	99 %	98 %
	2014	100 %	98 %	100 %	96 %	97 %
	2015	98 %	98 %	100 %	96 %	97 %

Gjennomsnittleg løn for kvinner er totalt 2 prosent lågare enn for menn i 2015. Dette er eit prosentpoeng lågare enn for 2014. Lønssystemet er endra, sløik at det no blir lagt meir vekt på ansiennitet.

Sjukefråver

4.1.2.7 Sjukefråver alle tilsette, administrasjon og presteskap.

	Eigenmeldt		Legemeldt		Totalt		Kjønnsfordeling	
	Sjukedagar	Fråvær	Sjukedagar	Fråvær	Sjukedagar	Fråvær	Kvinner	Menn
Møre 2014	68	0,4 %	838	4,3 %	906	4,7 %	8,8 %	3,3 %
Møre 2015	66	0,4 %	523	2,8 %	589	3,2 %	8,0 %	1,7 %
Totalt 2015	1 044	0,3 %	15 080	4,4 %	16 125	4,7 %	6,5 %	3,7 %

Kjelde: SAP. Tabellen over gir oversikt over talet sjukedagar som er registrert på fast tilsette i perioden 1. januar – 31. desember 2015. Sidan prestane ikke har eit heilskapleg system for registrering av positiv arbeidstid, må det leggjast til grunn at det eigenmeldte fråværet ikkje fullt ut er innrapportert til lønns- og personalsystemet. Sjukedagane er basert på talet virkedagar i perioden som sjukefråværet omfattar, dvs. at dei er korrigererte i forhold til helg- og helgedagar, stillingsprosent og grad av arbeidsførheit (ved graderte sjukemeldingar).

Det er vidare lagt til grunn at eit normalårsverk tilsvarar 230 virkedagar. Berekningsgrunnlaget er på denne måten ikkje direkte samanliknbart med annan sjukefråværsstatistikk (som m.a. SSB utarbeider for andre sektorar) Tabellen er oppdatert 17.02.2015.

Sjukefråværet i Møre i 2015 er lågast blant bispedøma på 2,8 %, og ligg 1,5%-poeng lågare enn snittet for landet, på 4,7 prosent. Det er høgare sjukefråværet for kvinner (8,0 prosent) i høve til menn (1,7 prosent). Vi kan ikkje sjå om det er kjønsmessig grunnlag for forskjellane. Sjukefråværet blir følgt opp gjennom arbeidsmiljøutvalet og normale prosedyrar knytte til Inkluderande Arbeidsliv-avtalen (IA).

Gjennom landsdekkande arbeidsmiljøundersøkingar og regional arbeidsplassundersøking er det fokus på arbeidsmiljø og faktorar knytt til utbreining.

Vurdering av barrierer mot likestilling:

Møre bispedømme vurderer, men har ikkje ei fullstendig kartlegging av barrierer mot likestilling. Nokre av vurderingane går fram nedanfor:

- kjønn
 - o stereotypiar
 - o historisk/kulturelt
 - o teologisk utgangspunkt
- funksjonsnedsetting
 - o innstilling for tilrettelegging
 - o aksept
- etnisitet
 - o språk
 - o kulturforståing
- religion m.m.
 - o krav til utdanning
 - o religiøs bakgrunn
- seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk
 - o identitet
 - o uttrykksform

TILTAK OG PRIORITERINGAR LIKESTILLING

Kjønn

Møre bispedømmeråd vil arbeide aktivt for å oppnå ei balansert alders- og kjønnsamansetjing mellom tilsette. I vurderinga av søkjarane til ledige stillingar, vert det sett som ein fordel at det er kvinner mellom søkjarane.

Bispedømmerådet søker å tilsette den som er mest eigna til stillinga, men tek også dei vanlege kriteria for tilsetjing med i vurderinga, slik som ansiennitet og at kvinner er oppmoda om å søkje m.m. Så langt ser det ut til at dei kvinnene som har etablert seg med stillingar i Møre bispedømme, held seg stabile.

I etterutdanningspolitikken for prestar er det lagt inn målsettingar som særleg rettar seg mot kvinner. Møre bispedømmeråd har også gjort vedtak om ein livsfasepolitisk plan som skal gjere det mogleg å leggje til rette for at kvinnelege prestar kan bli rekrutterte og bli ståande i presteneste.

Møre bispedømme har eit eige kvinneprestnettverk, som vart etablert i 2011. Dei kvinnelege prestane som tek del i dette nettverket gir tilbakemelding om at dei har stort utbytte av desse samlingane.

Sjølv om alle prostia no er representerte med kvinnelege prestar, er det framleis relativt få kvinner i presteneste i Møre. Tilgang eller avgang får difor stor innverknad på statistikken vidare. Vi vil halde fast på haldningar og tiltak som er nemnde ovanfor.

Andre tiltak knytte til kjønn

- a) For prestar:
 - God informasjon i forkant av rekruttering og i møte med studentar, om at kvinner er ønskte i presteneste i Møre
 - Moderat kjønnskvoltering ved tilsetting
 - Kompetanseutvikling
 - Utvikling av kvinnenettverk

b) For tilsette ved bispedømekontoret:

- Rekruttering av kvinner i rådgivarstillingar
- Framleis bruke dei lønspolitiske retningslinene for bispedømekontoret, slik at kjønnsbaserte lønnsforskjellar ikkje er til stades
- Vurdere praksis ved fleksibel arbeidstid og heimekontor

Vurdering av tiltak knytte til nedsett funksjonsevne

Som arbeidsgjevar ønskjer Møre bispedøme å legge til rette for personar som får nedsett funksjonsevne i sitt arbeid i Møre bispedøme. Vi ønskjer også å rekruttere personar med nedsett funksjonsevne. I nokre situasjonar må vi akseptere at slik tilrettelegging kan føre til auka sjukefråvær. Fysisk funksjonshemming er ikkje til hinder for å utøve ei god teneste som prest eller ved bispedømekontoret. Dette er det fleire døme på i Møre. Vi har gitt uttrykk for dette i nokre utlysingstekstar, og vil aktivt vurdere kvar stilling for seg.

For Møre bispedøme som forvaltningseining er det eit mål å bidra til at personar med nedsett funksjonsevne får tilgang til kyrkjene våre og kan delta i gudstenester og kyrkjelege handlingar på lik line med funksjonsfriske. Dette er difor tema ved visitasar og der det er naturleg i samband med søknadar om endringar i kyrkjene sitt interiør eller eksteriør.

Vurdering av tiltak knytte til etnisitet

Det skal vere høve til at personar med annan etnisitet kan arbeide som prest eller som tilsett ved Møre bispedømekontor. Publikum er vane med bruk av ulike målføre, og vi må legge til rette for at alle våre tilsette utviklar eit akseptabelt nivå for språkføring. Annan etnisitet vil gjere fellesskapet rikare, og som del av ei verdsvid kyrkje har vi ei opa haldning til personar med annan etnisitet.

Som forvaltingsorgan vil vi legge til grunn at menneske med annan etnisk bakgrunn skal integrerast i det norske samfunnet, som kyrkja er ei del av.

Vurdering av tiltak knytte til religion

Den norske kyrkja har eit særleg ansvar for eigne medlemmer, men ønskjer også å vere i dialog med menneske med annan religion. I Kyrjelova ligg det hinder mot at medlemmer av andre kyrkjesamfunn kan ha stillingar i Den norske kyrkja. Biskopen kan etter søknad gjere unntak, men det skjer ikkje ofte.

Vurdering av tiltak knytte til samlivsform

Møre bispedøme gjer i sine utlysingstekstar merksam på unntak i arbeidsmiljølova og at samlivsform i samband med tilsetting kan bli spurt om og vektlagt for nokre typar stillingar. Til dømes kan sambuarskap vere eit hinder for å gå inn i fast prestestilling.

Vurdering av tiltak knytta til seksuell orientering, kjønnsidentitet og kjønnsuttrykk

Alle er velkomne til å søke stilling i Møre bispedøme. Korrigeringar av eventuelle misoppfatningar.

4.1.3 HMS og arbeidsmiljø

Arbeidet med HMS/arbeidsmiljø er lagt til Arbeidsmiljøutvalet (RAMU), der toppleiinga frå arbeidsgjevar, tillitsvalde og verneteneste er samla. Det er også årlege møte mellom vernetenesta, prostar og RAMU. Årlege arbeidsplassundersøkingar blir gjort for alle tilsette. HMS/Personalhandboka ligg på nettet. Det har vore særleg søkjelys på mobbing og grenseoverskridande åtferd.

4.2 Fellesføringar i staten

Møre bispedøme har søkjelys på tidstjuvar i verksemda. Vi har bidratt til registrering, med rapport til departementet via Kyrkjerådet. Internt og saman med prostar har vi merksemd på å identifisere arbeidsprosessar som er unødige eller kan reknast som dobbeltarbeid. I samråd med tillitsvalde har vi vore varsame med å knytte tidstjuv-omgrepet til prestetenesta. Etter vårt syn krev sider av prestetenesta tid – noko som ikkje kan eller skal bli definert som tidstjuv. Vi har gjort tiltak knytt til arbeidsplanlegging og fråværsregistrering for alle prestar. Vi vil også bidra til at arbeidsprosessar knytte til framtidig ordning blir organisert på ein effektiv måte.

4.3 Oppfølging av ev. revisjonsmerknader frå Riksrevisjonen

Møre bispedømeråd har ikkje mottatt vesentlege merknader frå Riksrevisjonen.

4.4 Evt. endringar i opplegget for styring og kontroll

I 2015 er det ikkje gjort vesentlege endringar for styring og kontroll i Møre bispedøme, men dokumentasjonen er betra. Det er gjort mindre endringar i prosessar for vurdering av risiko og vesentlegheit.



Kvinnenettverk: Møre bispedøme har eit eige kvinneprestnettverk, som vart etablert i 2011.

DEL 5 VURDERING AV FRAMTIDSUTSIKTER

1. Endring av tilhøvet mellom Staten og Den norske kyrkja vil føre til endringar i høve til arbeidsgjevaransvar, oppgåver og organisering. Endringane vil også ha konsekvens for Den norske kyrkja si framtidige ordning og organisering. Dette vil få konsekvensar for mynde og mandat, men også arbeidsprosessar og oppgåvefordeling. Det blir vist til Stortingsproposisjon L55 og Kyrkjemøtet 2016 for dei vegvala som no ligg føre.
2. Den norske kyrkja er inne i ei omstillingstid som krev merksemd og ressursar. Dette vil verke inn på ordinær drift og vere eit risikoelement i høve til å nå mål og resultat. Endringane kan også bidra til usikkerheit knytt til rekruttering til utdanning og kyrkjelege stillingar, og om vi er i stand til å halde på kvalifiserte medarbeidarar. God informasjon til alle vil motverke dette.
3. Framtidig tildeling til Den norske kyrkja og fordeling av ressursar til dei ulike einingane er faktorar som gir grunn til usikkerheit om framtidige rammer. Det er viktig at tildelingane til prestenesta vert på eit slikt nivå at den lokale norske kyrkja kan vere aktivt og relevant til stades med forkynning og kyrkjelege handlingar – og at målet om ei landsdekkande kyrkje blir nådd.
4. Vi ser at samfunnet og strukturane er i endring. Kultur og tradisjon er også i endring. Det er ei avgjerande oppgåve å følgje utviklinga av dåpstala og sette inn gode og målretta ressursar på fleire nivå, for å følgje opp. Dåpen er innsteget til medlemskap, tru og fellesskap. Det er viktig at folk har kunnskap og tryggleik på kva dåp er.
5. Regjeringa har sett i gang eit landsomfattande arbeid med kommunereforma. Prosessar er i gang for å greie ut kommunesammenslåingar, og vedtak vil bli fatta i løpet av 2016. For kyrkja har ein kommunereform store konsekvensar for organisering av kyrkjeleg fellesråd der kommunar vel å gå saman. Reduksjon i tal på kommunar vil føre til større kyrkjelege einingar/fellesråd, og vil verke inn på både tilsette og frivillige. Det representerer ei utfordring om kyrkja ikkje blir involvert i kommunereformen, eller om kyrkja ikkje blir del av lokale prosessar i regi av kommunar eller fylkesmann.
6. Vi ser aukande grad av sekularisering. Kyrkja er del av ei brytningstid. Det gir auka behov for dialog på tvers av religionar, kyrkje- og trdomssamfunn, organisasjonar og mellom einskildmenneske. Reformasjonen og Luther blir markert i 2017. Det gir grunnlag for å peike på ein historisk ståstad og kva ein luthersk kyrkje skal vere i dag.
7. Kyrkja sin plass i samfunnsutviklinga og politiske prosessar er under debatt. Den norske kyrkja generelt og Møre bispedøme spesielt har ei brei kontaktflate på lokalt-, regional-, nasjonalt- og internasjonalt nivå. Dette skjer gjennom arenaer knytte til mellom anna kultur, diakoni, miljø, undervisning, dialog og politikk – i kvardag og ved krisehandtering.

8. Etablering av Kystpilegrimsleia til Nidaros er eit samarbeid mellom Riksantikvaren, 5 fylkeskommunar og 4 bispedøme – frå Rogaland til Sør-Trøndelag. Kystpilegrimsleia er eit viktig verkemiddel som bind historie og notid saman. Som kyrkje vil vi også peike på Kystpilegrimsleia som kan binde Gud og mennesker saman. Kvifor menneske vel pilegrimsvegen – på land eller hav – er ulik og individuell. Vegene – og leia – er både mål og verkemiddel. Det er lagt eit grunnlag for å legge til rette. Det er viktig å halde fast på visjonen.

9. Mediesamfunnet byr på moglegheiter og utfordringar for Møre bispedøme. Det er nødvendig å utvikle ein kommunikasjonsstrategi som gir retning og innhald for intern- og ekstern kommunikasjon. Kyrkja si IKT-satsing vil føre til ei utvikling og endring i måten å samhandle på - i og mellom kyrkjelege organ og overfor omgivnadane.



Pilegrimar på veg. Frå opninga av pilegrimsvegen frå Valldalen til Dovre i september 2015.

DEL 6 ÅRSREKNESKAPEN

6.1 Leiinga sine kommentarar

Føremål:

Møre bispedømme omfattar Møre og Romsdal fylke og blei oppretta i 1983, utskilt frå Nidaros og Bjørgvin bispedømme. Møre bispedømme er eit av 11 bispedømme i Noreg. Møre bispedømeråd er del av staten si verksemd gjennom Kulturdepartementet. Delar av verksemda er også underlagt Kyrkjerådet.

Møre bispedømeråd førte i 2015 rekneskap etter kontantprinsippet, slik det går fram av prinsippnoten til årsrekneskapan. Møre bispedømeråd og Møre biskop varetar arbeidsgjevaransvar for prestar og tilsette ved bispedømekontoret. I tillegg forvaltar bispedømerådet statlege tilskotsmidlar og har som formål å sjå til at det kristeleg livet blir utvikla i kyrkjelydane. Møre biskop har tilsynsansvar for tilsette og rådsorgan.

Årsrekneskapan er avlagt etter retningsliner om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet, krav frå til Kulturdepartementet i instruks om økonomistyring og økonomiregelverk bestemt av Møre bispedømeråd. Vi meiner rekneskapan gir eit dekkande bilde av Møre bispedømeråd sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter, inntekter, egedelar og gjeld.

Vurderingar av vesentlege forhold

I 2015 har Møre bispedømeråd samla disponert tildeling på post 01 på kr 73 736 000. Mindreutgifta for post 01 Driftsutgifter vart kr 4 139 000. Etter justering av meirinntekter har Møre bispedømeråd ei mindreutgift på kr 4 182 000, som er søkt departementet om overføring til neste år på post 01.

Mindreutgiftene forklarar vi slik:

For presteskapet blei andre driftsutgifter knytte til reise, beredskap, flytting, refusjon for administrativ hjelp for prostar mindre enn budsjettert. Enkelte aktivitetar knytta til 2015 har ikkje blitt fakturert før 2016. Det var usikre konsekvensar av lønsoppgjer og ny bustadordning. Dette førte til ein meir forsiktig kostnadsbruk enn nødvendig.

For bispedømekontoret er det eit mindreforbruk knytta til løn som følgje av vakante stillingar og sjukefråver. Enkelte kostnadar knytta til kyrkjevalet blei ikkje fakturert før i 2016. Det har og vore mindre kostnadar knytta til andre driftsutgifter som husleige og strøm.

Inntektene er større enn inntekskravet. Dette har si hovedårsak i lønsrefusjonar frå NAV.

På post 75 Tilskot til trusopplæring og tilskot til diakoni, undervisning og kyrkjemusikk har Møre bispedømeråd utbetalt kr 27 676 000 av tildelinga på kr 28 207 000. Bispedømerådet søker Kyrkjerådet om å overføre mindreutgifta på kr 531 000, slik det går fram av fullmakt frå Stortinget.

Artskontorrapporteringa viser at netto rapporterte utgifter til drift og investeringar eksklusiv utbetalingar av tilskot er summert til kr 68 766 000. Når vi tek omsyn til ulike refusjonar i samband med løn, er utbetalingane til løn og sosiale utgifter om lag 4 mill høgare i 2015 enn året før. Lønskostnadar i høve til totale kostnadar er i underkant av 87,5 prosent.

Bispedømerådet har fastsett stillingsressursar for kvart prosti. Tilskot til administrativ hjelp for prostar er på 917 000, jf. oversikt over andre utbetalingar til drift i note 3.


Det har vore ein forsiktig nedgang i andre driftsutgifter. Forvalting og utbetaling av tilskot skjer etter eige regelverk fastsett av departementet og Kyrkjerådet. I 2015 utbetalte bispedømerådet tilskot til 15 ulike fellesråd knytta til diakon- og kateketstillingar.

I 2015 er det ikkje gjort investeringar. Møre bispedømeråd har ikkje eigardeler eller interesser i andre verksemdar. Mellomvære med statskassa utgjorde pr. 31.12.15 kr 2 927 000. Oppstillinga av artskontorapporteringa viser korleis eigedelar og gjeld er fordelt.

Tilleggsopplysningar:

Riksrevisjonen er ekstern revisor og stadfester årsrekneskapen for Møre bispedømeråd. Årsrekneskapen er ikkje ferdig revidert per d.d., men revisjonsberetninga reknar vi med vil ligge føre i løpet av 2. kvartal 2016. Beretninga er ikkje offentleg fram til Stortinget har mottatt Dokument 1 frå Riksrevisjonen, men vil bli publisert på Møre bispedømeråd sine nettsider så snart dokumentet er offentleg.

Molde, 29. februar 2016



Ann-Kristin Sørvik
Bispedømerådsleiar



Bjørn Olaf Storhaug
stiftsdirektør

6.2 Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Møre bispedømmeråd er utarbeidd og avlagt etter nærare retningsliner fastsett i bestemmingar om økonomistyring i staten ("bestemmelsene"). Årsrekneskapen følgjer krav i bestemmingane punkt 3.4.1, nærare bestemmingar i Finansdepartementets rundskriv R-115 av november 2015 og eventuelle tilleggskrav fastsett av eige departement.

Oppstillinga av bevilgningsrapporteringa og artskontorrapporteringa er utarbeidd med utgangspunkt i bestemmingane punkt 3.4.2 – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen:

- a) Rekneskapen følgjer kalenderåret
- b) Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret
- c) Utgifter og inntekter er ført i rekneskapen med brutto beløp
- d) Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet

Oppstillinga av tildelings- og artskontorrapporteringa er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa korresponderer med krav i bestemmingane punkt 3.5 til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja "*Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen*" er lik i begge oppstillingane.

Møre bispedømmeråd er knytt til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i høve til krav i bestemmingane punkt 3.7.1. Bruttobudsjetterte verksemder blir ikkje tilført likviditet gjennom året, men har rett til å trekke på sin konsernkonto. Ved overgang til nytt år blir den einskilde oppgjerskonto nullstilt. Møre bispedømmeråd har søkt departementet om å få overført mindreforbruket frå 2015 til 2016.

Bevilgningsrapporteringa

Oppstillinga av tildelingsrapporten omfattar ein øvre del med tildelingsrapporteringa og ein nedre del som viser behaldninga verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Tildelingssrapporten viser rekneskapstal som verksemda har rapportert til statsrekneskapen. Den er stilt opp etter dei kapittel og postar i tildelingsrekneskapen som verksemda har fullmakt til å disponere. Kolonna samla tildeling viser kva verksemda har fått stilt til disposisjonen i tildelingsbrevet for kvar statskonto (kapittel/post). Oppstillinga viser i tillegg alle finansielle eigarar og forplikningar som verksemda står oppført med i statens kapitalrekneskap.

Artskontorrapporteringa

Oppstillinga av artskontorrapporteringa har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser eigarar og gjeld som inngår i mellomværet med statskassa. Artskontorrapporteringa viser rekneskapstall som verksemda har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har fullmakt til å belaste konsernkonto i Norges Bank. Tildelingane er ikkje inntektsført og visast difor ikkje som inntekt i oppstillinga.

6.3 Bevilgningsrapportering

Oppstilling av bevilgningsrapportering 31.12.2015							
Utgiftskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst	Note	Samlet tildeling*	Regnskap 2015	Merutgift (-) og mindreutgift
0340	Driftsutgifter	01	Driftsutgifter		73 736 000	69 597 196	4 138 804
0340	Spesielle driftsutgifter	21	Spesielle driftsutgifter		129 000	106 882	22 118
0340	Tilskudd til trosopplæring	75	Tilskudd		28 207 000	27 675 965	
<i>Sum utgiftsført</i>					102 072 000	97 380 043	-
Inntektskapittel	Kapittelnavn	Post	Posttekst		Samlet tildeling	Regnskap 2015	Merinntekt og mindreinntekt (-)
3340	Salgsinntekter mv	01	Driftsinntekter		847 000	889 667	42 667
3340	Inntekter ved oppdrag	02	Ymse		129 000	113 010	-15 990
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse			118 067	
5700	Folketrygdens inntekter	72	Arbeidsgiveravgift			7 018 213	
<i>Sum inntektsført</i>					976 000	8 138 957	
<i>Netto rapportert til bevilgningsregnskapet</i>						89 241 087	
Kapitalkontoer							
60055801	Norges Bank KK /innbetalinger					2 702 377	
60055802	Norges Bank KK/utbetalinger					-91 329 412	
703879	Endring i mellomværende med statskassen					-614 052	
<i>Sum rapportert</i>						0	
Beholdninger rapportert til kapitalregnskapet (31.12)							
Konto	Tekst				2015	2014	Endring
6260	Aksjer				0	0	0
703879	Mellomværende med statskassen				-2 927 316	-2 313 264	-614 052

6.4 Note A og B

Note A Forklaring av samlet tildeling utgifter

Kapittel og post	Overført fra i fjor	Årets tildelinger	Samlet tildeling
0340 01	4 089 000	69 647 000	73 736 000
0340 21	0	129 000	129 000
0340 75	501 000	27 706 000	28 207 000
3340 01	0	84 700	84 700
3340 02	0	129 000	129 000

Note B Forklaring til brukte fullmakter og beregning av mulig overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Merutgift(-)/ mindre utgift	Utgiftsført av andre i hht avgitte belastningsfullmakter (-)	Merutgift(-)/ mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Merinntekter / mindreinntekter(-) iht merinntektsfullmakt	Omdisponering fra post 01 til 45 eller til post 01/21 fra neste års bevilgning	Innsparinger(-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp *	Mulig overførbart beløp beregnet av virksomheten
0340 01		4 138 804	0	4 138 804	43 000	0	0	4 181 804	3 686 800	3 686 800
0340 21		22 118	0	22 118	-16 000	0	0	6 118	6 450	6 118
0340 75	"overslagsbevilgning"	531 000	0	531 000	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell	Ikke aktuell		

*Maksimalt beløp som kan overføres er 5% av årets bevilgning på driftspostene 01-29, eller sum av de siste to års bevilgning for poster med stikkordet "kan overføres".

6.5 Artskontorrapportering

Oppstilling av artskontorrapporteringen, 31.12.2015

	Note	2015	2014
Driftsinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetalinger fra tilskudd og overføringer	1	338 860	257 160
Salgs- og leieinnbetalinger	1	663 360	1 374 550
Andre innbetalinger	1	457	0
<i>Sum innbetalinger fra drift</i>		1 002 677	1 631 710
Driftsutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetalinger til lønn	2	60 871 365	56 951 311
Andre utbetalinger til drift	3	8 897 715	7 652 917
<i>Sum utbetalinger til drift</i>		69 769 080	64 604 228
Netto rapporterte driftsutgifter		68 766 403	62 972 518
Investerings- og finansinntekter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Innbetaling av finansinntekter	4	0	0
<i>Sum investerings- og finansinntekter</i>		0	0
Investerings- og finansutgifter rapportert til bevilgningsregnskapet			
Utbetaling av finansutgifter	4	0	-4
<i>Sum investerings- og finansutgifter</i>		0	-4
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		0	-4
Innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skatter, avgifter, gebyrer m,m,	6	0	0
<i>Sum innkrevingsvirksomhet og andre overføringer til staten</i>		0	0
Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten			
Utbetalinger av tilskudd og stønader	7	27 610 963	26 143 140
<i>Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten</i>		27 610 963	26 143 140
Inntekter og utgifter rapportert på felleskapitler *			
Gruppelivsforsikring konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		118 067	117 429
Arbeidsgiveravgift konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		7 018 213	6 589 216
<i>Nettoføringsordning for merverdiavgift konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)</i>		0	0
<i>Sum rapporterte utgifter på felleskapitler</i>		7 136 280	6 706 645
Netto rapportert til bevilgningsregnskapet		89 241 087	82 409 009
Oversikt over mellomværende med statskassen **			
Eiendeler og gjeld		2015	2014
Fordringer		-340	0
Kasse		0	0
Bankkontoer med statlige midler utenfor Norges Bank		0	0
Skyldig skattetrekk		-2 776 976	-2 312 476
Skyldige offentlige avgifter		0	0

Annen gjeld	-150 000	-788	
	8	-2 927 316	-2
Sum mellomværende med statskassen			313 264

6.6 Note 1 – 8

Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
Tilskudd fra kommunale og fylkeskommunale etater	8 860	0
Tilskudd fra organisasjoner og stiftelser	330 000	257 160
Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer	338 860	257 160
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Salgsinntekt varer, utenfor avgiftsområdet	3 129	3 767
Eksterne refusjonsinntekter	660 231	1 370 783
Sum salgs- og leieinnbetalinger	663 360	1 374 550
<i>Andre innbetalinger</i>		
Annen driftsrelatert inntekt	457	0
Sum andre innbetalinger	457	0

Sum innbetalinger fra drift	1 002 677	1 631 710

Note 2 Utbetalinger til lønn

	31.12.2015	31.12.2014
Lønn	54 693 133	51 479 187
Arbeidsgiveravgift	7 018 213	6 589 216
Pensjonsutgifter*	0	0
Sykepenger og andre refusjoner(-)	-1 699 646	-1 911 632
Andre ytelser	859 665	794 540
Sum utbetalinger til lønn	60 871 365	56 951 311
<i>* Denne linjen benyttes av virksomheter som innbetaler pensjonspremie til SPK.</i>		
Antall årsverk:	81	87

Note 1 Innbetalinger fra drift

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetalinger fra tilskudd og overføringer</i>		
Tilskudd fra kommunale og fylkeskommunale etater	8 860	0
Tilskudd fra organisasjoner og stiftelser	330 000	257 160
Sum innbetalinger fra tilskudd og overføringer	338 860	257 160
<i>Salgs- og leieinnbetalinger</i>		
Salgsinntekt varer, utenfor avgiftsområdet	3 129	3 767
Eksterne refusjonsinntekter	660 231	1 370 783
Sum salgs- og leieinnbetalinger	663 360	1 374 550
<i>Andre innbetalinger</i>		
Annen driftsrelatert inntekt	457	0
Sum andre innbetalinger	457	0
Sum innbetalinger fra drift	1 002 677	1 631 710

Note 3 Andre utbetalinger til drift

	31.12.2015	31.12.2014
Husleie	1 317 916	1 250 356
Vedlikehold egne bygg og anlegg	0	0
Vedlikehold og ombygging av leide lokaler	0	0
Andre utgifter til drift av eiendom og lokaler	169 478	168 242
Reparasjon og vedlikehold av maskiner, utstyr mv.	6 027	2 238
Mindre utstyrsanskaffelser	84 463	102 470
Leie av maskiner, inventar og lignende	312 710	301 082
Kjøp av fremmede tjenester	2 032 793	1 269 723
Reiser og diett	3 333 289	3 174 349
Øvrige driftsutgifter	1 641 040	1 384 458
Sum andre utbetalinger til drift	8 897 715	7 652 917

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0
Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	0	0
Valutatap	0	-4
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	0	-4

Virksomhet:

GC - Møre

Bispedømeråd

Rapport kjørt: 17.02.2016 13:16

Note 4 Finansinntekter og finansutgifter

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Innbetaling av finansinntekter</i>		
Renteinntekter	0	0

Valutagevinst	0	0
Annen finansinntekt	0	0
Sum innbetaling av finansinntekter	0	0

	31.12.2015	31.12.2014
<i>Utbetaling av finansutgifter</i>		
Renteutgifter	0	0
Valutatap	0	-4
Annen finansutgift	0	0
Sum utbetaling av finansutgifter	0	-4

Note 7 Tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten

	31.12.2015	31.12.2014
Tilskudd til menigheter og fellesråd	27 610 963	26 143 140
Sum tilskuddsforvaltning og andre overføringer fra staten	27 610 963	26 143 140

Note 8 Sammenheng mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

Del A Forskjellen mellom avregning med statskassen og mellomværende med statskassen

	31.12.2015 Spesifisering av bokført avregning med statskassen	31.12.2015 Spesifisering av rapportert mellomværende med statskassen	Forskjell
Finansielle anleggsmidler			
Investeringer i aksjer og andeler*	0	0	0
Obligasjoner	0		
<i>Sum</i>	0	0	0
Omløpsmidler			
Kundefordringer	163 673	0	163 673
Andre fordringer	-340	-340	0
Bankinnskudd, kontanter og lignende	0	0	0
<i>Sum</i>	163 333	-340	163 673
Langsiktig gjeld			
Annen langsiktig gjeld	0	0	0
<i>Sum</i>	0	0	0
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	0	0	0
Skyldig skattetrekk	-2 776 976	-2 776 976	0
Skyldige offentlige avgifter	0	0	0
Annen kortsiktig gjeld	-150 000	-150 000	0
<i>Sum</i>	-2 926 976	-2 926 976	0
Sum	-2 763 643	-2 927 316	163 673

Kirkestatistikk for Møre bispedøme – pr prosti

		Endring g 14-15	Endring 14 - 15 i %	Endring 11-15	Endring 11- 15 i %	Snitt siste 5 år	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
							2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Molde Domprost	Sum, medlemmer og tilhørig, Den norske kirk	-138	-0,4	-270	-0,8	35050	34846	34984	35120	35184	35116	35139	35318	35376	35518	35806	-
	Dåpshandlinger	-14	-4,3	-66	-20,4	366	324	338	375	404	390	368	431	411	420	415	407
	Vigslar (ekteskapsinngåelser med forbønn)	11	12,9	3	3,5	79	85	74	69	84	82	94	100	99	108	90	77
	Gravferder	-3	-0,9	1	0,3	337	345	348	349	298	344	322	346	368	362	335	302
	Konfirmerte (deltatt i forbønnshandlingen)	-6	-1,5	-91	-23,2	425	392	398	426	428	483	414	464	400	471	395	395
	Gudstjenester, søn- og helligdager	-35	-7,5	-34	-7,3	498	467	502	509	509	501	503	513	487	533	531	529
	Deltakere, gudstjenester søn- og helligdager	-2907	-5,6	-6879	-13,3	55370	51532	54439	55640	56830	58411	56439	59756	57083	61834	62068	61911
	Gudstjenester, utenom søn- og helligdager	-22	-22,9	-42	-43,8	125	96	118	133	139	138	123	140	147	158	162	168
	Deltakere, gudstjenester utenom søn- og helligdager	1765	14,0	-2254	-17,9	12604	12605	10840	12589	12128	14859	11236	10672	11527	12452	12766	13189
	Totalt antall gudstjenester	-57	-10,1	-76	-13,5	622	563	620	642	648	639	626	653	634	691	693	697
	Totalt antall deltakere alle gudstjenester	-1142	-1,8	-9133	-14,2	67975	64137	65279	68229	68958	73270	67675	70428	68610	74286	74834	75100
	Gudstjenester med natverd	-32	-8,9	7	2,0	377	358	390	395	390	351	352	333	301	297	274	282
	Natverdtdeltakere, gudstjenester med natverd	-747	-4,9	-329	-2,2	15993	15282	16029	17237	15806	15611	14938	14649	13044	12668	11776	11359
Søre Sunnmøre Prost	Sum, medlemmer og tilhørig, Den norske kirk	-138	-0,4	-497	-1,3	39460	39202	39340	39441	39616	39699	39745	39985	40132	40160	40675	-
	Dåpshandlinger	-8	-1,9	-106	-25,7	458	413	421	450	487	519	546	516	583	567	515	575
	Vigslar (ekteskapsinngåelser med forbønn)	1	1,5	-26	-38,2	80	68	67	83	88	94	95	109	150	139	108	114
	Gravferder	-12	-3,3	-24	-6,5	380	367	379	390	375	391	420	405	380	413	382	330
	Konfirmerte (deltatt i forbønnshandlingen)	-11	-2,0	-60	-11,2	561	538	549	556	565	598	600	587	589	535	647	604
	Gudstjenester, søn- og helligdager	-19	-3,1	-40	-6,5	639	615	634	636	653	655	688	686	700	689	704	697
	Deltakere, gudstjenester søn- og helligdager	-2982	-4,2	-14219	-19,8	79255	71732	74714	80295	83583	85951	83883	87992	88338	89834	91498	92532
	Gudstjenester, utenom søn- og helligdager	-3	-2,2	4	2,9	132	139	142	121	125	135	104	115	107	142	143	150
	Deltakere, gudstjenester utenom søn- og helligdager	3294	20,1	7908	48,3	12512	16374	13080	13571	11070	8466	8106	8951	8285	13705	10090	13163
	Totalt antall gudstjenester	-22	-2,9	-36	-4,8	771	754	776	757	778	790	792	801	807	831	847	847
	Totalt antall deltakere alle gudstjenester	312	0,4	-6311	-7,2	91767	88106	87794	93866	94653	94417	91989	96943	96623	103539	101588	105695
	Gudstjenester med natverd	-23	-5,6	57	14,0	393	408	431	402	371	351	324	297	287	309	304	305
	Natverdtdeltakere, gudstjenester med natverd	-426	-2,1	1386	6,7	20339	20671	21097	20845	19798	19285	15437	15345	13180	15988	15152	14564
Austre Sunnmøre Prost	Sum, medlemmer og tilhørig, Den norske kirk	-112	-0,6	-454	-2,5	18125	17897	18009	18147	18223	18351	18326	18500	18611	18630	18815	-
	Dåpshandlinger	-25	-14,1	-41	-23,2	201	177	202	184	226	218	247	260	251	237	236	219
	Vigslar (ekteskapsinngåelser med forbønn)	-3	-4,8	19	30,2	57	63	66	57	57	44	69	74	45	50	54	68
	Gravferder	2	1,1	0	0,0	181	181	179	175	190	181	188	194	209	202	187	190
	Konfirmerte (deltatt i forbønnshandlingen)	-19	-7,0	-7	-2,6	270	273	292	265	242	280	272	243	268	271	256	265
	Gudstjenester, søn- og helligdager	-2	-0,6	-16	-5,1	321	311	313	319	333	327	328	329	331	342	346	360
	Deltakere, gudstjenester søn- og helligdager	416	1,3	-2092	-6,3	33649	32946	32530	32835	34898	35038	35221	34160	32624	37700	37177	36209
	Gudstjenester, utenom søn- og helligdager	-3	-4,4	7	10,3	62	68	71	64	45	61	60	74	66	45	59	59
	Deltakere, gudstjenester utenom søn- og helligdager	-3396	-50,1	22	0,3	7621	6779	10175	8424	5969	6757	6649	7700	7749	7036	5251	7876
	Totalt antall gudstjenester	-5	-1,3	-9	-2,4	382	379	384	383	378	388	388	403	397	387	405	419
	Totalt antall deltakere alle gudstjenester	-2980	-7,5	-2076	-5,2	41270	39725	42705	41259	40867	41795	41870	41860	40373	44736	42428	44085
	Gudstjenester med natverd	21	10,1	40	19,2	182	208	187	188	160	168	158	150	156	133	136	155
	Natverdtdeltakere, gudstjenester med natverd	331	4,1	1264	15,8	7230	7986	7655	7428	6358	6722	6220	4808	4288	4665	4385	5046
Nordre Sunnmøre Prost	Sum, medlemmer og tilhørig, Den norske kirk	-105	-0,2	132	0,2	57496	57536	57641	57723	57177	57404	57324	57180	57065	56954	57460	-
	Dåpshandlinger	0	0,0	-61	-9,9	652	618	664	679	679	712	746	752	772	723	723	763
	Vigslar (ekteskapsinngåelser med forbønn)	2	1,8	-17	-14,9	124	114	112	135	127	131	178	175	175	192	157	172
	Gravferder	-16	-3,2	7	1,4	500	497	513	491	510	490	518	503	553	534	501	438
	Konfirmerte (deltatt i forbønnshandlingen)	-55	-7,6	-13	-1,8	740	723	778	713	749	736	720	691	745	713	750	757
	Gudstjenester, søn- og helligdager	-35	-6,0	-67	-11,5	627	583	618	655	630	650	652	689	702	657	691	611
	Deltakere, gudstjenester søn- og helligdager	-8159	-11,4	-10715	-14,9	78962	71854	80013	81274	79100	82569	81536	84305	90921	85517	93207	103666
	Gudstjenester, utenom søn- og helligdager	7	3,2	-17	-7,7	230	220	213	224	255	237	213	204	202	230	207	204
	Deltakere, gudstjenester utenom søn- og helligdager	882	3,3	-2268	-8,5	27792	26791	25909	27075	30128	29059	23930	24869	22597	29790	25731	23938
	Totalt antall gudstjenester	-28	-3,5	-84	-10,5	857	803	831	879	885	887	865	893	904	887	898	815
	Totalt antall deltakere alle gudstjenester	-7277	-7,4	-12983	-13,2	106754	98645	105922	108349	109228	111628	105466	109174	113518	115307	118938	127604
	Gudstjenester med natverd	-1	-0,2	12	2,5	488	489	490	504	481	477	459	452	414	408	478	412
	Natverdtdeltakere, gudstjenester med natverd	-405	-1,8	3043	13,3	21822	22812	23217	21472	21838	19769	20215	20135	20965	20504	22747	23880

		Endrin g 14-15	Endring 14 - 15 i %	Endring 11-15	Endring 11- 15 i %	Snitt siste 5 år	2015	2014	2013	2012	2011	2010	2009	2008	2007	2006	2005
Indre Romsdal Prost	Sum, medlemmer og tilhørig, Den norske kirk	130	0,9	-471	-3,2	14818	14598	14468	14968	14986	15069	15074	15478	15625	15731	15936	-
	Dåpshandlinger	31	19,9	-16	-10,3	158	156	125	149	186	172	160	182	188	176	183	187
	Vigslar (ekteskapsinngåelser med forbønn)	10	27,0	11	29,7	34	37	27	48	31	26	34	40	35	40	35	44
	Gravferder	29	15,8	17	9,3	175	183	154	184	189	166	194	176	162	169	196	154
	Konfirmerte (deltatt i forbønnshandlingen)	8	4,3	-40	-21,4	199	187	179	197	206	227	238	217	216	216	254	257
	Gudstjenester, søn- og helligdager	13	5,1	-21	-8,2	255	255	242	249	255	276	278	289	291	283	297	299
	Deltakere, gudstjenester søn- og helligdager	4072	19,2	-2702	-12,8	20801	21190	17118	18948	22657	23892	22370	23437	22099	26543	27660	28570
	Gudstjenester, utenom søn- og helligdager	-20	-64,5	-11	-35,5	42	31	51	45	40	42	60	57	42	77	45	37
	Deltakere, gudstjenester utenom søn- og helligdager	-1383	-37,1	-709	-19,0	4559	3726	5109	4489	5035	4435	6905	14524	4979	5265	5972	3678
	Totalt antall gudstjenester	-7	-2,4	-32	-11,2	297	286	293	294	295	318	338	346	333	360	342	336
	Totalt antall deltakere alle gudstjenester	2689	10,8	-3411	-13,7	25360	24916	22227	23437	27892	28327	29275	37961	27078	31808	33632	32248
	Gudstjenester med natverd	-25	-20,0	9	7,2	130	125	150	145	116	116	98	82	104	103	101	101
	Natverdtdeltakere, gudstjenester med natverd	-423	-13,7	215	7,0	3057	3080	3503	3248	2590	2865	2570	2136	1926	2253	2288	2664
Ytre Nordmøre Prost	Sum, medlemmer og tilhørig, Den norske kirk	-100	-0,3	-639	-2,0	32748	32387	32487	32844	32996	33026	34590	33249	33371	33503	35529	-
	Dåpshandlinger	23	7,8	-80	-27,2	326	294	271	330	362	374	397	387	404	429	386	413
	Vigslar (ekteskapsinngåelser med forbønn)	-5	-7,5	5	7,5	70	67	72	73	77	62	82	91	90	81	89	94
	Gravferder	-10	-2,8	5	1,4	366	361	371	390	352	356	392	397	390	408	348	392
	Konfirmerte (deltatt i forbønnshandlingen)	-34	-9,0	-39	-10,4	394	376	410	356	413	415	391	365	423	426	442	380
	Gudstjenester, søn- og helligdager	-2	-0,5	7	1,7	412	414	416	408	417	407	443	426	451	429	485	447
	Deltakere, gudstjenester søn- og helligdager	-3881	-10,9	-5662	-15,9	38188	35564	39445	36404	38302	41226	41801	38155	38537	42264	46342	42511
	Gudstjenester, utenom søn- og helligdager	-17	-36,2	-15	-31,9	64	47	64	76	70	62	68	71	101	67	81	63
	Deltakere, gudstjenester utenom søn- og helligdager	-1617	-30,3	-621	-11,6	6378	5333	6950	6294	7358	5954	7579	6243	9081	6711	6510	7099
	Totalt antall gudstjenester	-19	-4,1	-8	-1,7	476	461	480	484	487	469	511	497	552	496	566	510
	Totalt antall deltakere alle gudstjenester	-5498	-13,4	-6283	-15,4	44566	40897	46395	42698	45660	47180	49380	44398	47618	48975	52852	49610
	Gudstjenester med natverd	-5	-1,8	76	27,7	248	274	279	269	222	198	204	195	191	160	180	146
	Natverdtdeltakere, gudstjenester med natverd	440	5,7	2797	36,5	6617	7670	7230	7233	6078	4873	4490	4356	3760	3423	3941	3269
Indre Nordmøre Pros	Sum, medlemmer og tilhørig, Den norske kirk	-22	-0,1	-360	-1,8	19665	19537	19559	19761	19569	19897	18813	20829	21006	21193	19921	-
	Dåpshandlinger	-35	-18,1	-40	-20,7	207	193	228	187	196	233	191	229	240	244	230	246
	Vigslar (ekteskapsinngåelser med forbønn)	3	6,7	-18	-40,0	50	45	42	36	64	63	53	59	67	56	54	44
	Gravferder	3	1,1	-7	-2,6	264	267	264	250	267	274	214	280	287	282	258	272
	Konfirmerte (deltatt i forbønnshandlingen)	-27	-10,8	-18	-7,2	245	249	276	210	224	267	213	244	260	229	226	201
	Gudstjenester, søn- og helligdager	-12	-3,3	-38	-10,5	380	361	373	375	392	399	327	418	439	447	416	385
	Deltakere, gudstjenester søn- og helligdager	-2400	-9,0	-2634	-9,9	27829	26725	29125	27152	26785	29359	23249	29899	31318	32474	30483	27403
	Gudstjenester, utenom søn- og helligdager	5	8,5	11	18,6	54	59	54	53	56	48	86	74	52	55	55	77
	Deltakere, gudstjenester utenom søn- og helligdager	318	5,8	998	18,3	4973	5448	5130	4877	4960	4450	7628	6946	5188	5279	4905	6727
	Totalt antall gudstjenester	-7	-1,7	-27	-6,4	434	420	427	428	448	447	413	492	491	502	471	462
	Totalt antall deltakere alle gudstjenester	-2082	-6,5	-1636	-5,1	32802	32173	34255	32029	31745	33809	30877	36845	36506	37753	35388	34130
	Gudstjenester med natverd	-13	-8,1	18	11,2	166	161	174	176	174	143	141	150	162	168	153	157
	Natverdtdeltakere, gudstjenester med natverd	-878	-26,8	572	17,3	3354	3303	4181	3335	3219	2731	2776	2988	3250	3736	3571	3256
Sum Møre bispedøm	Sum, medlemmer og tilhørig, Den norske kirk	-485	-0,2	-2559	-1,2	217362	216003	216488	218004	217751	218562	219011	220539	221186	221689	224142	-
	Dåpshandlinger	-28	-1,3	-410	-18,9	2368	2175	2203	2339	2540	2585	2621	2751	2829	2845	2688	2810
	Vigslar (ekteskapsinngåelser med forbønn)	19	4,0	-23	-4,8	494	479	460	501	528	502	605	648	661	666	587	613
	Gravferder	-7	-0,3	-1	0,0	2204	2201	2208	2229	2181	2202	2248	2301	2349	2370	2207	2078
	Konfirmerte (deltatt i forbønnshandlingen)	-144	-5,3	-268	-9,8	2835	2738	2882	2723	2827	3006	2848	2811	2901	2861	2970	2859
	Gudstjenester, søn- og helligdager	-82	-3,1	-209	-7,0	3132	3006	3098	3151	3189	3215	3219	3350	3401	3380	3470	3328
	Deltakere, gudstjenester søn- og helligdager	-15841	-5,1	-44903	-14,4	334055	311543	327384	332548	342355	356446	344499	357704	360920	376166	388435	392802
	Gudstjenester, utenom søn- og helligdager	-53	-8,0	-63	-9,5	708	660	713	716	730	723	714	735	717	774	752	758
	Deltakere, gudstjenester utenom søn- og helligdager	-137	-4,2	3076	4,0	76439	77056	77193	77319	76648	73980	72033	79905	69406	80238	71225	75670
	Totalt antall gudstjenester	-145	-4,0	-272	-7,4	3840	3666	3811	3867	3919	3938	4085	4118	4154	4222	4086	
	Totalt antall deltakere alle gudstjenester	-15978	-4,1	-41827	-10,8	410494	388599	404577	409867	419003	430426	416532	437609	430326	456404	459660	468472
	Gudstjenester med natverd	-78	-3,9	219	10,8	1984	2023	2101	2079	1914	1804	1751	1675	1593	1579	1628	1558
	Natverdtdeltakere, gudstjenester med natverd	-2108	-2,6	8948	11,1	78411	80804	82912	80798	75687	71856	66646	64417	60413	63237	63860	64038



MØRE BISKOP
MØRE BISPEDØMERÅD

Adresse: Moldetrappa 1
6415 MOLDE

Telefon: 71 25 06 70

E-post til Møre biskop:
more.biskop@kirken.no

E-post til Møre bispedømeråd:
more.bdr@kirken.no

Heimeside: www.kirken.no/more/



DEN NORSKE KYRKJA

Møre bispedømeråd
Møre biskop



Meir himmel på jorda



Kyrkja i Møre vitnar i ord og gjerning om frelse, fridom og håp i Jesus Kristus ved å vere vedkjennande – open – tenande – misjonerande

Gudsteneste

Møte den treeinige Gud i forkynning, dåp og nattverd

Tene Gud i bøn og vedkjenning, tilbeding og lovsong

Utvikle kristen tru og identitet gjennom eit ope, deltakande og inkluderande fellesskap

Kyrkjemusikk og kultur

Sanse og erfare Guds nærvær gjennom eit mangfald av språk og uttrykk

Gje rom for det skapande menneske

Forvalte og fornye salmeskatten og trus- og kulturarven

Misjon

Invitere til å følgje Jesus Kristus

Utruste kristne til å ta del i Jesu kall og oppdrag, lokalt og globalt

Erfare at vi er del av den verdsvide kyrkja - med eit felles oppdrag

Diakoni

Be og vise omsorg for nesten

Skape møteplassar med låg terskel til fellesskap og sjelesorg

Verne om skaparverket og kjempe for rettferd og menneskeverd

Undervisning

Gjere trua på den treeinige Gud kjent og erfart

Invitere til dåp og gje planmessig trusopplæring for alle døypte 0-18 år

Utruste barn, unge og vaksne til å leve som kristne

Medarbeidarar som ser kvarandre og tek del med nådegåver, evner og fagkunnskap